

SULDAL KONTROLLUTVAL

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Dato: torsdag 25. februar 2016
Tid: kl. 10.00
Stad: Suldal kommunehus

Forfall melder du til: Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 52 75 73 53 eller mobil/sms 95 98 69 77, e-post: post@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir varamedlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meina seg ugilde, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan innkallast.

Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sende til medlemmer/varamedlemmer.

Ordførar, gruppeleiarar og rådmann er invitert i sak 07/16

Sakliste:

07/16 Overordna analyse – innspel til ny plan for forvaltningsrevisjon

08/16 Godkjenning av protokoll 28.01.16

09/16 Referat- og orienteringssaker 25.02.16

Ymse

Aksdal, 18.02.16

Vanja Ignjatic (sign.)
Kontrollutvalsleiar


Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi:	Ordførar	(møte- og talerett, spesielt invitert i sak 07/16)
	Revisor	(møte- og talerett)
	Rådmann	(invitert i sak 07/16)
	Varamedlem	(til orientering)
	Gruppeleiarane	(invitert i sak 07/16)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr.
Kontrollutvalet	28.01.16	04/16
Kontrollutvalet	25.02.16	07/16

Saksansvarlig:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

OVERORDNA ANALYSE – INNSPEL TIL NY PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON

Vedlegg: Overordna analyse 2016-2019, utarbeida av Rogaland Revisjon IKS

Bakgrunn:

Suldal kontrollutval fekk i møtet 28.01.16, sak 04/16 presentert overordna analyse 2016-2019 av forvaltningsrevisor Bernt Mæland frå Rogaland Revisjon IKS. Utvalet gjorde følgjande vedtak i saka:

Suldal kontrollutval tek Rogaland Revisjon sin analyse og innspel frå rådmann til orientering.

Utvalet inviterer politiske gruppeleiarar, ordførar og rådmann til å komme med innspel til plan i neste møte 25.02.16.

Utvalet kommer tilbake til saka når prosjekt skal prioriterast.

Saksorientering:

Etter forskrift om kontrollutval § 10 har kontrollutvalet ansvaret for å utarbeide og oppdatere plan for forvaltningsrevisjon. Planen skal vere basert på ein overordna analyse av kommunen si verksemd ut ifrå ein risiko- og vesentlegheitsvurdering, med sikte på å identifisera behovet for forvaltningsrevisjon i kommunen.

Utvalet gjorde følgjande vedtak i møtet 23.09.15, sak 18/15:

Suldal kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å laga ein overordna analyse av Suldal kommune som skal ligga til grunn ved utarbeiding av nye planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll etter valet hausten 2015. Analysen skal leverast til kontrollutvalet sitt fyrste møte i 2016.

På møtet 28.01.16 blei den overordna analysen presentert av revisor. Denne er et verktøy – som samen med kontrollutvalet sine egne vurderingar – skal ligge til grunn for prioritering av aktuelle prosjekter i ny Plan for forvaltningsrevisjon. Analysen er vedlagt saksdokumenta.

Det er ikkje realistisk at planen inneheld meir enn 5-8 prosjekt, da årlege budsjettmidlar tilseier at det vert gjennomført eit til to prosjekt kvart år. Minstekravet i forskrift er ein forvaltningsrevisjon kvart år.

Når kontrollutvalet ser seg ferdig med prioriteringane til planen vil den være klar for oversending til kommunestyret for slutthandsaming.

I dette møtet ønsker utvalet å få innspel frå ordførar, gruppeleiarar og rådmann i forkant av utarbeidinga av ny plan for forvaltningsrevisjon. Utvalsmedlemmene vil kunne komme med innspel og synspunkt til analysen og kva som bør prioriterast i den nye planen. Rogaland Revisjon IKS vil notera seg innspela og innarbeide desse i framlegget til ny plan. Eit første utkast til ny plan vil venteleg kunne bli lagt fram for utvalet i neste møte, 26.04.16.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Suldal kontrollutval tek innspel frå ordførar, gruppeleiarar og rådmann til ny plan for forvaltningsrevisjon til orientering. Utvalet kommer tilbake til saka når prosjekt skal prioriterast.

Aksdal, 18.02.16



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

OVERORDNA ANALYSE 2016 - 2019



SULDAL KOMMUNE
JANUAR 2016

Innhald	1
1 Innleiing	2
2 Gjennomføring av analysen	3
3 Risikoanalyse	5
Innsparing, omstilling, forbetring	6
Øvrige sektorovergripande områder	8
Barnehage og skule	10
Sosiale tenester og barnevern	12
Helsetjenester, rus og psykiatri	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Pleie og omsorg	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Teknisk og miljø	16
4 Kommunen sitt utfordringsbilete	17
Demografisk utvikling	17
Økonomisk utvikling	20
Organisering, styring og internkontroll	22
Tenestekområdet Oppvekst	25
Tenestekområdet Helse og omsorg	28
Tenestekområdet Bustad og kultur	33
Tidlegare forvaltningsrevisjonar og tilsyn	38
5 Vedlegg	40

1 INNLEIING

Forskrift om kontrollutval seier at kommunane skal utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon minst éin gong i valperioden. Den skal byggja på ein overordna analyse av risiko og vesentlighet i kommunen. Planen blir vedtatt av kommunestyret sjølv som kan delegere til kontrollutvalet å foreta endringar i planperioden.

Planen skal baserast på ein overordna analyse av Suldal kommune sin verksemd ut frå risiko- og vesentlighetsvurderingar, med sikte på å identifisera behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike tenesteområde og einingar.

Gjennom analysen skal det samlast naudsynt informasjon om det aktuelle området, identifisera moglege avvik eller svakheiter, og leggja grunnlag for avgjerda om kor det skal i verksetjast forvaltningsrevisjon (systematiske vurderingar).

Stavanger, 18.01.16

Rogaland Revisjon IKS

Cicel T. Aarrestad

Revisjonsdirektør/statsaut.revisor

2 GJENNOMFØRING AV ANALYSEN

Vi rettar denne analysen inn mot heile kommunen sin organisasjon og tenestekområde. Dette inneber at tilnærminga blir nokså omfattande. Samstundes er det eit viktig poeng at den skal vera på eit overordna nivå, slik at det vil vera mange detaljar som ikkje blir omtala.

På dei neste sidene går vi nærmare inn på sentrale fagområder i Suldal kommune. Fagområda får eigne små kapittel med ein avsluttande oppsummering. Desse oppsummeringane vil ikkje vera balanserte i forhold til dei presenterte dataene, men vil vera retta mot utfordringar og risikoområder innanfor fagområdet.

Dette endar til slutt opp i ein risikoanalyse, som blir presentert i neste kapittel.

Det er ikkje vår intensjon at denne analysen skal vera uttømmende eller altomfattande. Til det er den kommunale kvardag for kompleks og omskifteleg, og vår ressursramme for knapp. Hensikta er at den skal gje eit relativt kort og oversikteleg bilete av nokre av kommunen sine nøkkelfordringar.

Sentrale kjelder:

- Tal frå KOSTRA
- Årsmelding 2014
- Kommuneplan 2015-2024
- Handlings- og økonomiplanar dei to siste åra
- Dialogmøte med rådmannen si leiargruppe
- Revisjonen sine rapporter

Leserettleiing: Vi starter dei aller fleste kapitla med ein taloversikt. Desse er i all hovudsak bygga opp på same måte. Vi syner Suldal kommune sin utvikling langs sentrale styringsparameter, frå 2012 til 2014. I same tabell samanliknar vi 2014-tala med snitt-tal for kommunane i Rogaland og kommunegruppe 16¹.

Ved å gjera det på denne måten sikrar vi å samanlikna kommunen med andre kommunar, og med eigen utvikling i eit lengre tidsperspektiv. Innanfor nokre tenester er det mangelfulle data for fylkessnitt og snitt for kommunegruppe 16. I tilfelle det er mangelfulle data for kommunegruppa, blir denne erstatta med nabokommunen. I dei tilfelle det er mangelfulle data for fylkessnitt, blir desse erstatte av landssnittet.

For å få oversiktelege og lesarvennlege tabellar har vi forkorta namna på ein del av KOSTRA-indikatorane. Dei er likevel ikkje forkorta meir enn at det skal vera greitt å forstå kva indikatoren betegner. Eit døme frå pleie og omsorg: Andel legemeldt sjukefråvær av totalt an-

¹ KOSTRA definerar kommunegruppe 16 som dei ti kommunane i landet med høgast frie disponible inntekter pr. innbyggjar.

tal kommunale årsverk i brukerretta tenester = Sjukefråvær. Andel timar spesialundervisning av antal lærertimar totalt = Andel timer til spesialundervisning.

Vi går ikkje nærmare inn på moglege utfall av kommunereforma og eventuelle konsekvensar dette vil kunne ha for kommunal organisering og tenestetilbod. Per i dag er det for mykje usikkerheit knytt til dette, og ein eventuell kommunereform vil uansett ikkje tre i kraft før januar 2018 for kommunane i Rogaland.

3 RISIKOANALYSE

I denne delen presenterar vi vår risikoanalyse. **Analysen er basert på den kommunespesifikke gjennomgangen, men også på generelle trendar og tilhøve som er felles for fleire kommunar.** Dei generelle tilhøva er basert på sentrale tilbakemeldingar frå leiargruppene i våre atten kommunar, dei øvrige nevnte datakildene, og erfaringar frå tidligare prosjekt. Av plassmessige hensyn blir ikkje alle de generelle trendane gjengitt i teksten under. Graden av alvor blir farga med rødt (høy risiko), gult (middels risiko) og grønt (lav risiko)².

Vår risikoanalyse avviker noko frå tradisjonelle risikoanalysar, men vi følgjer i stor grad den same logikken. Tradisjonelle risikoanalysar kretsar rundt følgjande spørsmål: Kva kan gå galt? I kva grad er det sannsynleg at dei uønska hendingane inntreff? Kva for konsekvensar kan dei uønska hendingane medføre? Ei uønska hending kan til dømes være fastsatte mål som ikkje blir nådd eller brot på regelverk. Desse spørsmålene er knytta opp mot kor sannsynleg det er at hendinga skjer og kor stor konsekvensen er.

Vårt fokus er likevel ikkje bare retta mot kva som kan gå galt eller at mål ikkje blir nådd, men kva som vil være sentrale utfordringar for kommunane i åra framover. Det betyr at når noko blir merka med rødt så treng det ikkje bety at det står dårleg til i kommunen på dette området, men at dette er ei sentral utfordring innanfor eit viktig område. Til dømes er det sannsynleg at dei fleste kommunane vil oppleve reduserte skatteinntekter og ei auke i behov for kommunale tenester frå innbyggjarane i åra fremover. Dette stiller kommunene overfor ei auke i krav til effektivisering og omstilling. Håndtering av fleire av asylsøkjare og flyktningar vil sannsynlegvis bli ei anna nøkkelutfordring for kommunane.

Risiko blir i vår gjennomgang i stor grad også knytta opp til kommunens utvikling langs sentrale styringsindikatorar (KOSTRA), der samanlikningar er viktige vurderingskriterium. Her ser vi etter endringar over ein treårsperiode, eller tilfelle der kommunens tal avvik frå samanliknbare kommunars tal. I nokre tilfelle er det gitt kva som er standarden eller målet, i andre er det ikkje gitt. Eit eksempel på ein indikator der målet er gitt er andel barn med tiltaksplan i barnevernet. Ettersom alle i følge lova skal ha tiltaksplan, er full måloppnåing at 100 prosent av barna har ein tiltaksplan. Eit døme på ein indikator der målet ikkje er gitt, er storleiken på andelen barn med hjelpetiltak i barnevernet eller talet på barn med spesialundervisning i skulen. Ein kan ikkje ut frå tal seie noko sikkert om kor stor andelen bør eller skal vera, men det vil vera naturleg å bruke samanlikningar som utgangspunkt for refleksjon og risikovurdering.

Det er viktig å understreke at risikovurderingane er skjønnsmessige vurderingar basert på føreliggande Informasjon og erfaringar, og at kontrollutvalet kan vurdere risikoen knytt til dei ulike områda som forskjellig frå det som er føreslege her. Det er kontrollutvalet som skal

² Identifiserte tema med grønn risiko vil ikke tas med her, ettersom risikoen vurderes som lav.

vurdere og prioritere dei ulike områda, og avgjere rekkefølgja for forvaltningsrevisjonsprosjekt i plan for forvaltningsrevisjon.

INNSPARING, OMSTILLING, FORBETRING

Innsparing, omstilling, forbetring				
Tema	Årsak/trender	Verkand	Risiko	Kommentar
Effektivisering/forenklingar	Mange kommunar i regionen vil gå inn i ein periode med auka arbeidsløyse. Dette vil redusere kommunen sine inntekter og auke behovet for kommunale tenester.	Forventa nedskjeringar, og eit større press på at kommunen skal drive endå meir effektivt og rasjonelt.		Eit eventuelt slikt prosjekt vil kunne ha ulike innretingar: Ein vil kunne vurdere kommunen sin måloppnåing mht. vedtekte nedskjeringar. Men for mange kommunar vil ein benchmarking med andre kommunar vera av større interesse. En vil kunne vurdere kommunen sin effektiviseringsprosess mot andre kommunar, for eksempel kommunar som har lukkast med dette eller som har låge utgifter innan sentrale kommunale tenestemåle. Fleire kommunar har spelt inn dette temaet, og gjer uttrykk for at det kunne vore interessant og nyttig å gå nærare inn i denne tematikken. Me anbefala å velje ut ein sektor om gongen for å sikre at prosjektet kjem tilstrekkeleg djupt inn i materien, til dømes skule, pleie og omsorg, helse og sosial. Alternativt vil det og vera mogleg å velje sektorovergripande forbettrings- og effektiviseringsprosjekt, og samanlikne desse.
Kvalitet i teneste	Nedskjeringar og omstilling.	Kan ha negative konsekvensar for tenestekvaliteten.		Anten som eit eige prosjekt eller som ein del av det som skisserast over. Eit sentralt spørsmål her er korleis nedskjeringane påverkar tenestekvaliteten? Og eventuelt brukardialogen? (Sjå under)
Forventningsgap	Velferdsgarantiar og nasjonale og lokale politiske løfter skapar høge forventningar. Mange kommunar har i stor grad hatt økonomi til å kunne innfri ein god del av desse forventningane.	Ein stramare økonomisk situasjon i åra framover, kombinert med velferdsgarantiar og politiske løfter kan skape eit betydeleg gap mellom det innbyggjarane sine forventningar til tenestnivå og det kommunane faktisk klarar å innfri.		Kvalitet i kommunale tenester er som regel eit produkt av den objektive eller faktiske kvaliteten og den subjektive opplevde kvaliteten. Den subjektive kvaliteten består igjen av den enkelte sin forventning til tenesta og dei tenestene som faktisk ystast (den objektive kvaliteten).

Innsparing, omstilling, forbetring				
Tema	Årsak/trender	Verknad	Risiko	Kommentar
Omorganiseringar	I kommunal sektor gjennomførast det jamlege omorganiseringar. Sentrale siktemål med desse er gjerne betre effektivitet, betre teneste-kvalitet, betre samordning, ein meir fagleg ro-bust organisasjon osv.	Ofte vet ein ikkje kva verknaden av ein omorganisering er, anten fordi måla ikkje har vore tydelege nok, eller fordi oppfølginga ikkje har vore god nok, eller fordi ein ikkje har evaluert omorganiseringa.		Kommunen blei omorganisert i 2015. Det vil vera naturleg å vurdere ein eventuell evaluering av denne eit stykke ut i perioden.
Internkontroll	Internkontroll handlar om korleis kommunen og verksemdene skal innrettast for at kommunen sitt samfunnsoppdrag skal realiserast. Det er fleire hensiktar med internkontrollen. Den skal vera med å bidra til helskapleg utvikling og god styring, til kvalitet og effektivitet i tenestne, til elt godt omdøme og legitimitet i befolkninga, og til etterleving av lovar og reglar. Det finst ikkje eit svar på kva som er betryggjande kontroll – kvar rådmann og kommune må gjera seg opp si mening.	For mange kommunar er det ofte vanskeleg å finne ei god balanse mellom god internkontroll og ein effektiv og god tenesteproduksjon. For dårlig internkontroll førar til at den administrative og politiske styringa svekkast. Internkontroll som er for omfattande, for lite konkret og for lite fagleg relevant skapar ein risiko for overadministrering, byråkratisering. Den blir ein «papirtiger», som er nokså dekket frå den daglege drifta.		Me har relativt nyleg gjennomført eit internkontrollprosjekt i Hjelmeland kommune, der me såg på internkontrollen innanfor to sektor, skule og barnevern. Her brukte me reelle utviklingstrekk innan desse sektorane som ein inngang til å forstå korleis internkontrollen fungera i praksis. I eit eventuelt liknande prosjekt vil det kunne bli aktuelt å sjå nærare på korleis føreliggjande styringsverktøy brukast og evna til å gripe fatt i avvik, overforbruk eller negative utviklingstrekk mht. økonomi, produktivitet, tenestekvalitet og arbeidsmiljø. Ein anna moglegheit er å vurdere det teoretiske rammeverket for internkontroll opp mot kommunen sine faktiske internkontrollsystem. Men det vil og vera mogleg å vurdere i kva grad kommunen sitt internkontroll- og styringssystem er godt integrert i styringa av produktivitet, kvalitet og fagutvikling. Det vil seie om systemet både klarar å bidra til god internkontroll og samstundes fremme god og effektiv tenesteproduksjon.
Møteverksemd	Talet på møter har auka markant i arbeidslivet dei siste tiåra, både i offentlig og privat sektor. Det er ikkje uvanleg at tilsette går på fleire møter dagleg og bruker mykje av arbeidsdagen i møter. Leiargar bruker i snitt godt over halvparten av tida si i møter.	Studiar synar at nærare halvparten av møta opplevast som bortkasta av dei som deltek. Dårlige møter går og utover motivasjonen til dei tilsette, det gjer dårligare resultat og førar til fleire møter og meir tidsbruk utanom møta. Dårlig møtekultur er ein stor, skjult kostnad både i offentlig og privat sektor. Berre i Noreg tydar det på at dårlig møtekultur gjer eit tap på fleire milliardar kroner kvart år.		Det ligg ein stor effektiviserings- og motivasjonsgevinst i å få til ein betre møtekultur. Dei fleste er så vant til dårleg møtekultur at dei sjeldan tenker på at møter kan gjerast langt meir stimulerande og effektive. Relativt lite forskning er gjort på feltet, og me har heller ikkje data på kor utbredt dårlege og unødige møter er i våre eigarkommunar. Det handlar ikkje berre om talet på møter, men kva for nokre metodar og verktøy som kan bidra til betre møtestruktur og samhandling.

ØVRIGE SEKTOROVERGRIPANDE OMRÅDER

Sektorovergripande område				
Tema	Årsak/Trender	Verknad	Risiko	Kommentar
Beredskap	Kommunane har ei viktig rolle innanfor beredskaps- og samfunnsstryggingsarbeid et i Noreg. I ein akutsituasjon er det viktig med klårheit i rolle- og ansvarsforhold og at riktige tiltak setjas i verk. Eit systematisk beredskapsarbeid og øvingar bidreg til dette.	Uklåre ansvarsliner, mangelfullt planverk og sjeldne øvingar bidreg til å svekke kommunen sin evne til å handsame ein krisesituasjon.		Fylkesmannen gjennomførte eit tilsyn på området i 2013. Fylkesmannen sitt tilsyn er likevel eit tilsyn av kommunen sin beredskap på eit overordna nivå i kommunen, ikkje på verksemdnivå. Det er på verksemdnivå det meste av den kommunale tenesteutøvinga og brukarkontakten føregår. Derfor er det viktig for kommunane å ha ein god grunnberedskap, og at det er god samheng mellom grunnberedskapen den overordna beredskapen. Rogaland Revisjon har erfaring med forvaltningsrevisjonar av beredskapen på verksemdnivå.
IKT-kompetanse	I fleire kommunar peikast det på at sentrale delar av organisasjonen manglar naudsynt IKT-kompetanse. Til dømes opplev mange at dei blir kompetansemessig små i forhold til leverandørane, og at dei har liten forbrukermakt.	Dette kan føre til at ein ikkje gjer effektiv bruk av IKT-verktøya i tenesteproduksjonen og styringa av kommunane. Det kan og føre til dårlege slutningar mht. anskaffing av nytt IKT-system, fordi ein har vanskar med å vera spesifikk nok i bestillingane.		Erfaring frå enkelte forvaltningsrevisjonar på feltet er at kommunane sin IKT-strategi ofte delegerast til (og utformast av) fagfolk, fordi leiinga manglar kompetanse på feltet. I tillegg har me avdekka at IKT-kompetansen blant systemansvarlege og andre tilsette, har vore låg. Det er og slik at kommunane ikkje alltid har kompetanse til å vurdere om dei eksisterande fagsystema kan gje dei den funksjonaliteten de treng. Ein er nokre gonger usikker på om ein har behov for nytt fag- eller IKT-system, eller om ein kan bli betre til å utnytte dei eksisterande systema.
IKT-samhandling mellom systema	Fleire kommunar peikar på at det for liten kommunikasjon mellom dei eksisterande fag- eller ikt-systema. Ein er usikker på om dette skuldast funksjonalitet eller eigen kompetanse.	Dette svekka samhandlinga på tvers av einingane, og bidreg til tap av produktivitet og kvalitet i tenesta.		Nokre gonger kan det sjølvsagt vera taushetsmessige beskrankningar, men ofte er det ikkje det. Ein sentral utfordring for mange kommunar er difor å få systema til å få til ein meir smidig og rasjonell kommunikasjon mellom systema, slik at ein ikkje treng å gjera ting fleire gonge.
Etikk og varsling	Difi sin innbyggjarundersøking for 2014 synar at 47 prosent av dei spurte trur at det føregår korrupsjon i norske kommunar.	Dette kan vera ein indikasjon på at ein del innbyggjarar har låg tillit til norske kommunar.		Auka merksemd kring temaet vil kunne bidra til at tilsette får ein sterkare etisk medvit, og vil kunne bidra til å redusere risikoen for misligheter og korrupsjon i kommunen. Det vil og kunne bidra til meir kunnskap om temaet i befolkninga. Rogaland Revisjon har gjennomført etikk- og varslingsundersøkingar i ei rekke kommunar. Dersom kontrollutvala ynskjer dette, vil det i kommande periode kunne vera aktuelt å gå inn i mislighets- og korrupsjonsdimensjonen i etikkarbeidet.

Sektorovergripande område				
Tema	Årsak/Trender	Verknad	Risiko	Kommentar
Innkjøp	Eit sentralt mål med lov om offentlege anskaffingar å sikre likebehandling, forutberegnelighet og ikkje-diskriminering. Det er eit mål med regelverket å hindre at innkjøp gjennomførast på bakgrunn av kjennskap eller personleg vinning for dei som forvaltar fellesskapet sine ressursar. Kommunane nyttar store ressursar på innkjøp og anskaffingar, og risikoen for at kommunen ikkje konkurranse eksponerer sine innkjøp, og dermed ikkje nyttar fellesskapet sine midlar på ein kostnads-effektiv måte, må sjåast som høg.	Ulovlege direkte anskaffingar er å sjå som eit alvorleg brot på regelverket. Konsekvensen ved dette kan vera overtredelsesgebyr og erstatningsansvar ovanfor leverandørane. I tillegg vil det kunne redusere tilliten til kommunen. Konsekvensen ved mangelfull eller uklare kunngjering/konkurransegrunnlag kan ofte vera at konkurransen må avlysast, og at det må betalast erstatning.		Det har ikkje blitt gjennomført ein forvaltningsrevisjon på område i førre valperiode. Vår erfaring frå kommunesektoren tilseia at innkjøpsområdet har risiko for feil i samband med etterlevinga av lovreglar om offentlege anskaffingar. Dette gjeld særleg ved kjøp av tenester.
Kompetanse, bemanning, rekruttering	Ein del kommunar har hatt utfordringar med å dekke kompetansebehovet på einskilde område i einskilde stillingar.	Manglande kompetanse svekka tenestetilbodet. Arbeidsløysa aukar, noko som byr på moglegheiter for kommunane. For kommunane kan det likevel bli ein utfordring å nytte moglegheitene i eit stramt arbeidsmarknad i ein tid med nedskjeringar, omstilling og stillingsstopp.		Eit eventuelt prosjekt vil både sjå på kva kommunen gjer for å halde og nyttiggjera eksisterande kompetanse, så vel som korleis ein nyttar moglegheitene på arbeidsmarknaden. Til dømes er det innført nye kompetansekrav i grunnskulen, og kvar sjette lærar er over 60 år i Suldal. Me er og kjend med at det er kompetanseutfordringar innan levekårssektoren i mange kommunar, som følge av det skrivast ut fleire pasientar med relativt omfattande pleiebehov. I tillegg har ein hatt problem med å tilsette helge- og vikarstillingar i denne sektoren. Det er relativt mange barnehage barnehageleiarar som ikkje har godkjent førskulelærerutdanning i Suldal.
Sjukefråvær	Kommunen sitt sjukefråvær har auka dei siste åra, men er fortsatt lågt. Høgt sjukefråvær kan skuldast arbeidsmiljø og forhold ved arbeidsplassen, men kan og skuldast heilt andre forhold.	Sjukefråvær er dyrt for kommunane og kan ha betydelege menneskelige kostnader. Høgt sjukefråvær kan føre til svekka tenestetilbod og høgare arbeidsbelastning på dei som er igjen på jobb.		Normalt vil det vera store forskjellar mellom sektorane i ein kommune. Eit sentralt spørsmål er kva kommunen og einingane gjer når sjukefråværet er høgt over tid. Erfaringa vår er at kommuneleinga normalt har mykje merksemd kring dette temaet, men at det gjerne kan svikte i oppfølginga lenger ned i organisasjonen. Sjukefråværet i barnehagane er ofte høgt og tidlegare forvaltningsrevisjonar har synt at bemanningssituasjonen er sårbar for sjukefråvær og at det ofte er dette dei føresette er mest misnøgd med. Også innanfor pleie- og omsorgssektoren er ofte sjukefråværet høgt, og det kan vera utfordringar knytt til turnusplanlegging og vikarbruk.
Etikk og varsling	Difi sin innbyggjarundersøking for 2014 synar at 47 prosent av dei spurte trur at det føregår korrupsjon i norske kommunar.	Dette kan vera ein indikasjon på at ein del innbyggjarar har låg tillit til norske kommunar.		Auka merksemd kring temaet vil kunne bidra til at tilsette får ein sterkare etisk medvit, og vil kunne bidra til å redusere risikoen for misligheter og korrupsjon i kommunen. Det vil og kunne bidra til meir kunnskap om temaet i befolkninga. Rogaland Revisjon har gjennomført etikk- og varslingsundersøkingar i ei rekke kommunar. Dersom kontrollutvala ynskjer dette, vil det i kommande periode kunne vera aktuelt å gå inn i mislighets- og korrupsjonsdimensjonen i etikkarbeidet.
		9		

BARNEHAGE OG SKULE

Skule				
Tema	Årsaker/trender	Virkning	Risiko	Kommentar
Spesialundervising	Relativt mange elevar får spesialundervising og kommunen brukar mykje ressursar på dette.	Ein mindre del av lærerressursane kjem det store fleirtalet av elevar til gode, og dei får eit dårlegare opplæringstilbod.		
Tilpassa opplæring	Opplæringslova slår fast at alle elevar har krav på tilpassa opplæring. I fleire kommunar peikast det på at det er svært utfordrande å få til ein tilstrekkeleg tilpassa opplæring og god vurdering for læring. Dette kan ha med arbeidsmåtar, organisering av undervising eller ressursar å gjera.	Ein mindre del av lærerressursane kjem det store fleirtalet av elevar til gode, og dei får eit dårlegare opplæringstilbod.		Også her vil det kunne vera aktuelt å samanlikne på tvers av skulene og med andre kommunar. Eit funn frå tidligare forvaltningsrevisjonar i andre kommunar er at tilpassinga ofte gjerast av den enskilde lærar eller lærarar på trinnet, og at det føregår ein liten grad av erfaringsutveksling på tvers av skuler eller på tvers av kommunane.
Kompetanse	Kvar sjette lærar i Suldal er over seksti. I tillegg er det nyleg innført skjerpande krav til fordjuping for lærarar i matte, engelsk og norsk.	Dette kan by på kompetanseutfordringar for kommunen i åra framover.		Ei aukande arbeidsløyse kan bidra til å auke rekrutteringa til læraryrket og motverke denne effekten.

Barnehage og skule				
Tema	Årsak/trender	Verknad	Risiko	Kommentar
Styrka barnehage tilbod	Nokså mange barnehagebarn får eit styrka barnehage tilbod og kommunen bruker nokså mykje ressursar på dette.	Ein mindre del av ressursane kjem det store fleirtalet av barn til gode. Me veit lite om omfanget av styrkingstiltaka, effekt av dei, type styrkingstiltak, kompetansen til dei som har ansvaret for tiltaka, eller organiseringa av styrkingstiltaka.		Dette er relativt upløgde mark. Gjennom tidligare prosjekt innan sektoren er me kjent med at kommunane organiserer dette ulikt mht. private og kommunale barnehagar. I nokre tilfelle har alle barnehagane tilgang til eit felles pedagogteam som står for styrkingstiltaka, i andre tilfelle må dei private ordne dette sjølv.
Barnehage og tidleg innsats mht språk og leseferdigheter	Det er ein risiko for at tiltak som særleg er retta mot grunnleggjande språkferdigheiter ikkje settast inn tidleg nok. Slike tiltak kan leggja eit grunnlag for å redusere sosiale forskjellar, særleg mellom minoritets- og majoritetsspråklige elevar.	Mangel på slike tiltak vil kunne auke behovet for særskilt opplæringstiltak på sikt. Flyktningar: Dette vil kunne lette integrasjonen og redusere behovet for særskilte opplærings-tiltak for denne gruppa på skulen.		Ei bevisst satsing på å styrke barna sitt vokabular vil kunne styrke dei leseferdigheter på lengre sikt. Eit eventuelt prosjekt vil kunne vera retta inn mot benchmarking og beste praksis. Det vil og vera mogleg å sjå nærare på kva for eit pedagogisk opplegg som skulegruppa får det siste året i barnehagen.
Tidleg innsats - skule	Det er ein risiko for at tiltak ikkje settast inn tidleg nok når elevane slit. Tidleg innsats er eit satsingsområde i dei fleste kommunar. Nokre sentrale faktorar for å få til ei målretta tidleg innsats: Ressursar på småskuletrinn, gode kartleggingsverktøy og bruk av desse i elevoppfølging, fleksible og målretta styrkings- eller tilpassingstiltak, fleksibel organisering av undervisninga, god samhandling mellom PPT og skule, gode overgangar mellom skuletrinn osv.	Fråfall er ofte slutt punkt av en lengre prosess som for mange begynn mykje tidlegare enn i den vidaregåande opplæringa. Arbeidet mot fråfall handlar om tidleg innsats gjennom heile oppveksten, både tidleg i oppveksten kor problema er forholdsvis enkle, og tidleg i kvar enkelte fase i opplæringa.		Samfunnsgevinsten av tidleg innsats er stor. Eit eventuelt prosjekt vil kunne vera retta inn mot benchmarking og beste praksis. Kva er dei mest sentrale suksessfaktorane hos dei skulene og kommunane som lykkast best i dette arbeidet?

SOSIALE TENESTER OG BARNEVERN

Sosiale tenester				
Tema	Årsak/trender	Verknad	Risiko	Kommentar
Sosial/busetting og integrering av flyktningar	Kommunen skal motta fleire flyktningar i åra framover.	Dette vil utfordre det kommunale mottaksapparatet, integreringsarbeidet og andre kommunale tenester.		Det er av avgjerande betydning for kommunane å setje dei nykomne flyktningane og asylsøkarane i stand til å ta økonomisk og sosialt ansvar for eigne liv. Eit eventuelt prosjekt vil vera mest aktuelt ei tid etter at flyktningane har kome til kommunen. Aktuelle tema er mottak, busetting, opplæring, integrering i arbeidsliv og samfunn. Dersom det er vilje til dette i fleire kontrollutval vil det vera mogleg å ha fleire slike prosjekt på ein gong, der eit mogleg utgangspunkt vil kunne vera god praksis på fellet.
Sosiale tenester/NAV	Andel sosialhjelps-mottakarar har auka dei siste åra og det er blitt betydeleg fleire langtidsmottakarar. Det er også mange unge mottakarar i Suldal. Det er grunn til å tru at delen av sosialhjelps-mottakarar vil auke framover, som følge av auka arbeidsløyse.	Dette aukar kommunen sine sosialutgifter og reduserar kommunen sitt inntektsgrunnlag.		Eit eventuelt prosjekt vil kunne vera retta inn mot kva kommunane gjer for at desse skal "snu i døra" fortast mogleg. Eit særskilt fokus vil kunne vera retta mot unge sosialhjelpsmottakarar, i tråd med kommunen sitt fokus på tidleg innsats. Det vil og kunne vera aktuelt å sjå nærare på ansvarsdelinga og samhandlinga mellom kommune og stat, og samhandlinga med andre relevante etatar i dette arbeidet.

Barnevern				
Tema	Årsak/trender	Verknad	Risiko	Kommentar
Økonomistyring og internkontroll	Barnevernet har fordobla utgiftene dei to siste åra, trass i at andelen barn med tiltak har vore nokolunde konstant. Det er lang sakshandsamingstid i ei rekkje undersøkingar. Dette kan bidra til at barna ikkje får naudsynt hjelp i rett tid.	Dette kan vera symptomer på manglande internkontroll, prioriteringar og økonomistyring, men kan og skuldast andre forhold.		Eit eventuelt prosjekt vil vera retta inn mot å sjå nærare på konsekvensar for brukarar, beskrive situasjonen i barnevernet og finne årsakene til kvifor det er blitt slik. Rogaland Revisjon har tidligare gjennomført eit internkontrollprosjekt i Hjelmeland der barnevernet var ein av sektorane det blei sett nærare på. Me har og gjennomført eit prosjekt i Stavanger der me såg nærare på årsakene til ein negativ utvikling med høge fristoverskridingar. Det ble gjennomført ein forvaltningsrevisjon av barnevernet i Suldal i 2013, som mellom anna var basert på tala frå 2012.
Barnevern. Fosterheims-godtgjering	Det er store forskjellar mellom fosterheimane sine løns- og arbeidsvilkår og foreløpige observasjonar tydar på at det ikkje berre er barna sine behov som bestemm dette.	Både fosterheimar og mange tilsette i barneverntenesta opplev dette som urettferdig. Dette kan svekke rekruttering av fosterheimar, som det er stor knapphet på i regionen.		Dersom eit slikt prosjekt blir vedteke er det ein stor fordel at fleire eigarkommunar gjer det same, slik at det blir ein brei og solid kartlegging. Rogaland Revisjon har oversikt over dei ulike inntektene til fosterheimane, som det kan byggjast vidare på i ein eventuell forvaltningsrevisjon. Barnevernet er i fleire kommunar eit av tenestemrådene der det har vært sterkast utgiftsøkning. Utgiftene knytt til fosterheimar utgjer som regel en stor del av aukainga.
Brukeropplevingar	Det finst lite systematisert kunnskap om korleis brukarane opplev oppfølginga frå barnevernet.	Dette vil kunne svekke barnevernet si evne til å sjå kritisk på eigen praksis. Systematiserte tilbakemeldingar frå brukarane og oppfølging av desse, vil kunne styrke barnevernet sin relasjon til brukarane. Dette vil kunne styrke kvaliteten i undersøkings- og tiltaksarbeidet, og styrke barnevernet sin relasjon til fosterheimane.		Det finst fleire gruppe brukarar. Eit døme er føresette/barn som mottok hjelpetiltak eller som gjerast til gjenstand for ei undersøking. Fosterforeldre er ei anna brukergruppe, og Rogaland Revisjon har tidligare gjennomført fosterheimsundersøkingar i fleire kommunar.

HELSETENESTER OG RUS OG PSYKIATRI

Rus og psykiatri				
Tema	Årsak/trender	Verknad	Risiko	Kommentar
Psykiske helsetenester/ rus - vaksne	Det er ei variert brukargruppe som mottok psykiske helsetenester, frå dei med lette psykiske vanskar, til dei med alvorlege og samansette psykiske lidningar.	Spørsmålet er korleis kommunen handsamer desse brukargruppene, korleis ressursfordelinga mellom gruppene er, og kva for kompetanse dei tilsette har.		
Ungdom og unge vaksne	Ungdom og unge vaksne er i ein overgangsfase til vaksenlivet og er i ferd med å utvikle eigen identitet, og eigne levevanar. Nokre kan vera spesielt sårbare for utvikling av psykiske vanskar, rusproblem eller kriminell åtferd.	Spørsmålet er korleis kommunen fangar opp desse brukarane, og kva for eit tilbod dei får, og korleis samhandlinga innanfor hjelpeapparatet føregår, både internt i kommunen og mot eksterne aktørar.		Sentrale stikkord her er ideen om tidleg innsats, vera tett på, samhandling og gi mykje tenester tidleg, slik at brukarane "snur i døra" og blir i stand til å klare seg sjølv. Det vil og kunne vera aktuelt å gå nærare inn i korleis barnevernet følgjer opp unge vaksne, dvs. ettervernet for dei mellom 18 og 23 år.
Betalingsplikt for utskrivningsklare pasientar	I Stortingsmelding om framtida helseteneste foreslår regjeringa å innføre betalingsplikt for utskrivningsklare pasientar innan psykisk helse og rus, tidligast frå 2017.	Dette kunne blitt ein formidabel utfordring for kommunane. Mellom anna vil det blitt utfordrande for kommunen å finne eit eigna tilbod på kort varsel for denne pasientgruppa.		Dersom dette innførast vil det kunne vera aktuelt å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon etter at betalingsplikta for denne pasientgruppa har virka minst eit halvt år. Markerast med gult ettersom det ikkje er sikkert når dette innførast.

Helsetenester				
Tema	Årsak/trender	Verknad	Risiko	Kommentar
Helsestasjon- og skulehelsetenesta	Dei siste åra har det vore ein auke i den nasjonale og lokale satsinga på skulehelsetenester og helsestasjonar. Tenesta skal bidra til eit heilskapleg, helsefremmande og førebyggjande arbeid ovanfor barn og ungdom i alderen 0-20 år, og gravide som går til kontroll v/helsestasjon.	Korleis har satsinga påverka det kommunale helsetenestetilbodet? Og i kva grad har det bidrege til å styrke samarbeidet mellom skulehelsetenesta og andre relevante etatar i arbeidet mot sårbare gruppe.		Saman med andre kommunale tenester som rettar seg mot barn og unge si helse, utgjer skulehelsetenesta eit viktig sikkerheitsnett for ei sårbar pasientgruppe. Rogaland Revisjon har tidlegare gjennomført ein forvaltningsrevisjon av denne tenesta.

PLEIE OG OMSORG

Pleie og omsorg				
Tema	Årsak/trender	Verknad	Risiko	Kommentar
Økonomi. Hjelp til sjølvhjelp	Suldal har ein høg del av plassar i institusjon og heildøgnsbemanna bustadar, og utgiftene per institusjonsplass er høge. Eit anna særtrekk ved Suldal er at det er mange innbyggjarar som mottar heimetenester (eller pleie- og omsorgstenester, for den saks skuld). Dei fleste kommunane har som mål å redusere utgiftene knytt til pleie- og omsorgstenester. Sentral idé: Tidleg og naudsynt innsats skal føre til at fleire skal klare seg heime lengst mogleg.	Det forventast at dette vil gje betre tenester og ein økonomisk gevinst for kommunen.		I eit prosjekt vil det kunne vera aktuelt å sjå nærare på sentrale kostnadsdrivare og på korleis kommunen jobbar med førebygging og tidlig innsats.
Unge tenestemottakarar	Ein stadig større del av pleie- og omsorgsmottakarane er under 67 år. I 2014 var 33 prosent av teneste-mottakarane i Suldal i denne brukargruppa i Suldal.	Korleis påverkar dette det kommunale pleie- og omsorgstilbodet? Me veit lite om korleis det kommunale tilbodet er innretta mot denne brukargruppa, kommunens ressursbruk, og på kva for ein måte desse brukarane har andre behov enn eldre tenestemottakarar.		Desse mottakarane er gjerne unge eller middelaldrande som er avhengige av eit offentleg hjelpetilbod. Det er kronisk syke, funksjonshemma, psykisk utviklingshemma, psykisk syke, rusavhengige eller andre med store hjelpebehov. I Stavanger kommune utvidast satsinga på førebygging og kvardagsmeistering til også å gjelde dei under 65 år. Siktemålet er å oppnå tryggleik og sjølvstendighet. Og sentralt i dette arbeidet er samhandling på tvers av einingar, til dømes fysio- og ergo og heimetenesta.
Terskler for tildeling av tenester	Fleire studiar synar at kommunane har ulike terskler for tildeling av tenester. Dømer kan her vera heimetenester, sjukeheimstenester eller avlastningstenester.	Store variasjonar i terskler skapar store variasjonar i kven som får tilbod og kva som skal til for å få tilbod, avhengig av kva for ein kommune ein bur i. Dette påverkar naturlegvis og kommunen sine utgifter knytt til tilbodet.		I utgangspunktet vil eit slikt prosjekt fungera best om ein samanliknar to eller fleire kommunar. I større kommunar med fleire tildelingskontor kan det tenkjast at tersklane variera mellom kontora.
Brukarar med ressurskrevjande tenester	Sterk vekst i utgifter knytt til brukarar med ressurskrevjande tenester, i fleire kommunar.	Ein stadig mindre del av ressursinnsatsen retta mot dei andre tenestemottakarane. Det kan og gå utover andre sektorar.		Rogaland Revisjon har gjennomført eit slikt prosjekt i Gjesdal kommune, som det er naturleg å byggje vidare på. Prosjektet kartla kommunen sine utgifter til brukara med ressurskrevjande tenester, årsakene til utgiftsveksten, og kvaliteten i tenesta til denne brukargruppa. Prosjektet vurderte og moglegheitene for å redusere kostnadane eller bremse utgiftsveksten.

TEKNISK OG MILJØ

Teknisk, miljø				
Tema	Årsak/trender	Verknad	Risiko	Kommentar
Eigedomsforvaltning og verdi bevaring	Dei fleste kommunar nyttar mindre til vedlikehald enn vedlikehaldsnorma. Me er litt usikre på korleis dette er i Suldal, ettersom dei endringane me ser kan skuldast endra føringsmåte.	Dette kan generere eit betydelig vedlikehalds- etterslep, noko som kan bli dyrt for kommunen på sikt.		Rogaland Revisjon har tidlegare gjennomført fleire vedlikehaldsprosjekt. Me har sett enkelte dømer på kommunar som har organisert vedlikehaldsarbeidet godt og fått mykje ut av pengane.
Sjølvkost	Mange kommunar nyttar ikkje sine moglegheiter til å ta full sjølvkost for ei rekke tenester. Dette gjeld primært plan-, bygge- og oppmålings-sakar hos dei mindre kommunane. Erfaring frå tidligare forvaltningsrevisjonar synar at kommunane ikkje alltid praktisera sjølvkostreglane riktig.	Kommunen mistar potensiell meirinntekt.		I forvaltningsrevisjonane har me og funne dømer på at kommunane har opparbeida seg store sjølvkostfond.
Jordvern	Suldal er ein stor jordbrukskommune. Noko av Noregs mest produktive jordbruksareal som omkransar byane og tettstadene på Nord-Jæren, har frigjering av utbyggingsareal både til næringsformål og bustadformål vore gjenstand for ein rekke konflikter, og i ein del tilfelle har jordvernet tapt.	Noreg har svært lite dyrka mark på grunn av topografi og klima. Dyrka areal utgjer berre 3 prosent av landarealet i Norge. Ein tredjedel av dette kan nyttast til dyrking av matvareproduksjon, medan resten er best eigna til grasdyrking. Jordbruksareal per innbyggjar har gått ned og er lågare enn gjennomsnittet i Europa.		Rogaland Revisjon har gjennomført ein forvaltningsrevisjon av jordvernet i Hå kommune, og skal starte opp ein tilsvarande forvaltningsrevisjon i Sandnes, i inneverande år.
Utsifting vann- og avløpsleidningar	Låg utsiftingstakt av vann- og avløpsleidningar.	Dette kan føre til vannlekkasjar, høgare kostnader for innbyggjarane og oversvøymeingar i kjellarar.		I nokre tilfelle kan dette skuldast nokså nye røyr, mens ofte skuldast det manglande prioritering, noko som kan bli dyrt for kommunen på sikt.
Klima- og miljøplan	Klimaeutsleppa er eine god del høgare i Suldal enn landssnittet. Eit betre klima og miljø er eit mål i kommunen. Dette skal skje gjennom å redusera klimaeutsleppa. Statlege retningslinjer stiller krav om at kommunane utarbeidar ambisiøse mål, tiltak og verkemiddel for å	Me vei lite om korleis kommunen har fulgt opp eigen plan.		Gjennomgangen tydar mellom anna på at Suldal har eit forbettringspotensial med omsyn til energioptimalisering. I motsetnad til mange andre kommuner går energikutgiftene opp i føremålsbygg som institusjonar og barnehagar. Førstnevnte må kanskje sjåast i samband med at det er mange institusjonsplassar som står ledige

4 KOMMUNEN SITT UTFORDRINGSBILETE

DEMOGRAFISK UTVIKLING

I tabellen under visar vi den demografiske utviklinga i Suldal kommune, langs nokre sentrale indikatorar.

BEFOLKNINGSPROFIL

Tabell 1 – Demografisk utvikling – Nokre sentrale indikatorar (SSB, statistikkbanken)					
	Suldal 2012	Suldal 2013	Suldal 2014	KG 16 2014	Fylket 2014
Folkemengde	3872	3881	3892	..	..
Andel 1-5 år	6,2	6,3	6,4	5,9	7,1
Andel 6-15 år	13,1	13,3	13,3	12,6	13,1
Andel 16-18 år	4,5	4,4	4,3	4,3	4,1
Andel 19-24 år	7,5	7,1	7,5	7,9	8,2
Andel 25-66 år	51,6	51,2	51	51,8	54,8
Andel 67-79 år	9,8	10,4	10,7	11,3	8
Andel 80 år og over	6,2	6,1	5,8	5,3	3,5
Andel uførepensjonister 16-66 år	7,8	7,8	7,9	8,5	7,1
Innflytting per 1000 innbyggere	47,8	43	38,8	51,2	64,3
Utflytting per 1000 innbyggere	37,2	39,4	34,2	44,1	56,9
Samlet fruktbarhetstall	2	1,9	1,9	1,8	1,9
Andel innvandrerbefolkning	8,8	9,7	10,4	11,2	16,6
Andel av befolkningen som bor i tettsteder	30,1	29,6	29,8	38,6	85,8
Gjennitt reisetid til kommunesenteret i min	16	16	15,5	8,9	6,9
Andel arbeidsledige 15-29 år	1	0,7	0,9	1,1	2,1
Andel arbeidsledige 30-74 år	0,6	0,4	0,4	0,9	1,6
Andel av bef 20 - 66 år som pendler ut av kommunen	16,8	16,5	15,9	23,9	36,3

Oppsummering:

- Tabellen viser at kommunen har hatt ein låg befolkningsvekst. Veksten er på 0,5 % for heile perioden.
- Befolkningsandelen til dei enkelte aldersgruppene har vore temmeleg stabil. Det er ei liten auke i andelen til aldersgruppa 67-79 år og ein liten nedgang i andelen til aldersgruppa 80 år og over.
- Kommunen har høgare andel 80 år og over enn snittet for kommunegruppa og særleg fylkessnittet.
- Andelen uføre ligg noko over fylkessnittet, men noko under kommunegruppen.

- Det er ein nokså låg mobilitet, men det er ein netto innflytting til kommunen i heile perioden.
- Det er få som pendlar ut av kommunen.
- Det har vore svært låg arbeidsløyse i kommunen, men andelen kan nok forventast å stige i inneverande år og i tida framover. På grunn av utfordringar i oljesektoren har arbeidsløysa i fylket økt kraftig dei siste månadane. Sjølv om ikkje Suldal har merka så mykje til dette enno, vil nok kommunen merka dette etter kvart.

BEFOLKNINGSFRAMSKRIVINGAR

I tabellen og figuren under illustrera vi ein framskriving av befolkningstalet i Suldal kommune for dei neste tolv åra. Dette er kommentert under figurane. Vi har delt inn perioden i fireårssykluser.


Tabell 2 – Befolkningsframskrivingar frå 2014 til 2026				
Alder	2014	2018	2022	2026
0-5 år	290	249	226	228
6-15 år	517	546	537	482
16-66 år	2434	2398	2354	2358
67-79 år	405	471	541	565
80-89 år	177	168	160	172
90 år og eldre	58	47	34	37

Vi har brukt låg vekst iht. SSB. Denne viser at folketalet gradvis reduserast frå 3 881 personar i 2014 til 3 842 personar i 2026.

Folketalet er også omtala i kommuneplanen (2015-2024): *Det er ikkje lett å sjå inn i framtida, men hjå SSB finn ein framskrivne tal for folketalsutviklinga. Dei spår ein kraftig nedgong i talet på innbyggjarar i den arbeidsføre delen av befolkninga i Suldal, medan dei spår ei kraftig auke i den eldste delen av befolkninga dei neste 30 åra. For det totale folketalet i Suldal kommune spår SSB ein svak nedgong.*

I figuren under ser vi nærmare på den prosentvise endringa innanfor kvar aldersgruppe, der nullpunktet eller utgangspunktet er befolkningstalet for 2014. Desse endringane er i samsvar med det som står i kommuneplanen.

Figur 1 – Befolkningsframskrivingar frå 2014 til 2026 – Prosentvis vekst i ulike kategoriar



OPPSUMMERING

Det ser ut til at folketalet i Suldal vil reduserast noko i dei fleste alderskategoriar. Det vil mellom anna bli ein kraftig reduksjon i antal barn i barnehagealder, ein reduksjon i barn i skulealder, mens talet på innbyggjarar mellom 67-79 vil auke kraftig. Talet på innbyggjarar over åtti vil også reduserast. Dette inneber eit redusert behov for barnehage- og pleie- og omsorgstenester, og elevgrunnlaget på skulane blir også mindre.

Regionen er inne ei tid der ikkje alle pilene lenger peikar oppover. Oljeprisen er halvert, nye prosjekt i oljesektoren blir sett på vent og vedlikehaldsprosjekt blir utsett. Dette har ført til ei auke i arbeidsløysa. Korleis dette kjem til å slå ut for Suldal er noko usikkert, men ein kan rekna med dei same tendensane her, om ikkje så sterkt som i dei mest «oljenære» kommunane. Dette inneber ei reduksjon i skatteinngangen, og redusert arbeidsinnvandring. Dette vil kunne bremsa folkeveksten ytterlegare og eit auke i behovet for sosiale tenester.

Samstundes vil Suldal, likhet med dei fleste andre kommunane i landet, busetja fleire asylsøklarar: Talet i 2014 var 10, mens talet i 2015 og 2016 er på 20 kvart år. Integrerings- og mangfoldsdirektoratet vil i løpet av kort tid be kommunane om å busetje fleire flyktningar³.

Ei auke i antall asylsøklarar og flyktningar vil kunne medføra ei auke i behov for tenester forbundet med mottak og integrering, samt ei auke i behov for andre kommunale tenester.

³ Dette er skrevet i midten av november 2015.

ØKONOMISK UTVIKLING

FINANSIELLE NØKKELTALL

I tabellen under viser vi kommunen sin økonomiske utvikling dei tre siste åra.

Tabell 3 – Finansielle nøkkeltal, utvikling over tid og samanlikningar med andre (KOSTRA)					
Finansielle nøkkeltall	Suldal 2012	Suldal 2013	Suldal 2014	KG 16	Fylket 2014
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-2,3	0,7	3,6	5,1	-0,8
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	2,9	5,1	8,8	9,2	0,7
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	141,8	156,2	174,6	174,5	190,2
Arbeidskapital ex. premieavvik i % av brutto driftsinntekter	45,7	49,2	51,8	42,6	8,7
Frie inntekter i kroner per innbygger	57733	58717	61591	65470	48 011
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	32318	28666	36160	70434	29 779

Drifta

Netto driftsresultat har lege mellom 2,9 % og 8,8 % i perioden og låg i 2014 omtrent på nivået for kommunegruppa og betydeleg betra enn fylkessnittet. Gjennomsnitteleg netto driftsresultat for åra (uvegda) var på 5,6 %. Kommunen har som mål eit årleg netto driftsresultat på minst 5 %. Netto driftsresultat er eit viktig tal for økonomien til kommunane og viser det beløpet som kan brukast til investeringar eller avsetningar. Teknisk beregningsutvalg (TBU) tilrådde i 2014 kommunane til å ha eit netto driftsresultat på minst 1,75 %. Tidlegare har den tilrådde grensa vore noko høgare (3 %).

Arbeidskapitalen har auka noko i perioden. Den er ein del større enn kommunegruppa og betydeleg større enn fylkessnittet. Arbeidskapitalen er eit nøkkeltal for kommunane sin likviditet. Den viser differansen mellom omløpsmiddel (bankinnskott og kortsiktige fordringar) og kortsiktig gjeld. Frie inntekter pr. innbyggjar har og auka noko i perioden. Den er noko under kommunegruppa, men ein del god over fylkessnittet. Netto lånegjeld pr. innbyggjar har variert i perioden, men er høgast det siste året. Den er berre på halvparten av kommunegruppa, men ein del over fylkessnittet.

DRIFTSBUDSJETTET 2016-2019

Kommunen har for perioden budsjettert med disponible inntekter på rundt 387 millionar kroner årleg i perioden 2016-2019. Alle inntektene med unntak for eiendomsskatt som øker med 2 mill. kr i 2019 og investeringskompensasjon er budsjettert med like beløp. Det er estimert eit netto driftsresultat årleg på mellom 3,9 % og 5,4 % som er noe over kommunens mål for dette resultatet som er på 3,75 %. Det ligger langt over anbefalt minimumsnivå som er på 1,75 %.

Det er likevel ei rekke usikre tilhøve i budsjetta framover. Endringar i aktivitetsnivå, rentenivå, skatteinntekter og rammeinntekter vil kunna slå negativt ut. I tillegg til inntektsutviklinga og kostnader for driftsnivået, representerer pensjonsforpliktingane til kommunen

og ein risikofaktor. Det er og kommet statlige signaler om endring i regelverk for eigedoms-
skatt som kan slå negativt ut for Suldal sitt evdkommande.

Tabell 4 – Driftsbudsjettet 2015-2018

Økonomiplan 2016-2019

Brutto/nettorammer i samsvar med oppstilling (2016-kroner)

Rammeområde	RAMER		RAMER		ØP 2017	ØP 2018	ØP 2019
	B 2015	B 2015	B 2016	B 2016	ØP 2017	ØP 2018	ØP 2019
	Brutto	Brutto/ netto.	Brutto	Brutto/ netto.	Brutto	Brutto	Brutto
Skattar		-134 800		-134 800	-134 800	-134 800	-134 800
Rammetilskot		-107 375		-111 858	-111 858	-111 858	-111 858
Egedorresskatt		7 100		7 300	7 300	7 300	7 300
Egedorresskatt		-110 500		-113 000	-113 000	-113 000	-113 000
Konsesjonsavgifter		-23 200		-23 800	-23 800	-23 800	-23 800
Monskompensasjon		0		0	0	0	0
Inv. komp. skuleomsorg		-1 880		-1 755	-1 630	-1 505	-1 380
Integr. tilsk. Flyktninger		0		0	0	0	0
Sal av konsesjonskraft		2 708		1 908	1 908	1 908	1 908
Sal av konsesjonskraft		-17 100		-11 000	-11 000	-11 000	-11 000
Disponible inntekter		-385 047		-387 005	-386 880	-386 755	-388 630
Int.tilsk. flyktn. - til 1130		0		0	0	0	0
Disponible inntekter		-385 047		-387 005	-386 880	-386 755	-388 630

Nøkkeltal	2016	2017	2018	2019
Overskot – budsjettert avsetjing	767	1,95		2,738
Underskot – budsjettert bruk av fond			4,810	
Nettp driftsresultat	3,9	5,4	3,9	5,0

INVESTERINGSBUDSJETTET 2016-2018

Kommunen har budsjettert med investeringar på 280,9 millionar kroner for åra 2016-2018. Mesteparten gjeld så langt dei to første åra. Det er ei stor grad av eigenfinansiering. Av utgiftene på 280,9 mill. kr blir noe under halvparten finansiert med lån. Dette utgjør ca. 135 mill. kr. Den resterande finansieringa kjem frå egne midlar som overføring frå drift, bruk av fond, tilskot og sal av fast eigedom. Inveseringsbudsjettet er vedlagt som vedlegg bak i dokumentet.

OPPSUMMERING


Suldal er ein kraftkommune og har svært god økonomi. Kommunen høyrer til kommune-
gruppe 16 i KOSTRA, som er dei ti kommunane i landet med høgast frie disponible inntekter
pr. innbyggjar.

Kommunen vil i perioden framover og ha ein god økonomi, men det er eit visst høve for at den kan veikjast noko pga. reduserte inntekter auka arbeidsløyse med derav påfølgjande reduserte skatte-inntekter og auka sosialhjelpsutbetalingar. Det er moglegheiter for endring i regelverk for kraftverksbeskatning som kan svekka kommunens økonomi.

ORGANISERING, STYRING OG INTERNKONTROLL

Organisasjonskartet nedanfor viser korleis kommunen er organisert. Kommunen blei omorganisert i 2015, og dette er det nye organisasjonskartet. Under rådmannen finn vi tenestekområda for oppvekst, helse og omsorg, og bustad og kultur med kvar sin kommunalsjef. Innanfor kvart tenestekområde er det ei rekke tenesteeiningar med kvar sin leiar. Vi har tatt med dei vanlegaste einingane (tenestene). Dei enkelte tenestekområda og einingane har eige budsjettansvar.

Figur 2 – Organisasjonskart (hovudtrekk)



Kommunen sitt mål for organisasjonen

Suldal kommune skal vera ein heilskapleg og målstyrt organisasjon med forsvarleg og kostnadseffektiv organisering og drift. Kommunen skal vera utviklingsorientert med gode etiske haldningar hjå politikarar og tilsette.

Videreutvikling av kommunen sitt samla internkontrollsystem er under arbeid. Internkontrollsystemet brukast for å kvalitetssikra den kommunale verksemda både fagleg og administrativt.

KOMMUNEN SINE SELSKAP (DIREKTE EIGARSKAP)

Tabell 5 – Selskap kor Suldal kommune har eigarandear
Hovudkjelde: Kommunen si eigarskapsmelding 2015

- | | |
|---|---|
| • Byggopp Rogaland AS (0,20 %) | • Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS (1,37 %) |
| • Gullingen Utviklingsselskap AS (3,66 %) | • Haugaland Kontrollutvalgssekretariat (3,40 %) |
| • Haugaland HMS senter AS (4,24 %) | • Haugaland Vekst IKS (10,00 %) |
| • Kommunekraft AS (0,30 %) | • Krisesenter Vest IKS (2,29 %) |
| • Lysefjorden Utvikling AS (1,60 %) | • Ryfylke IKS (20,00 %) |
| • Norsk Bane AS (11,81 %) | • Ryfylke Miljøverk IKS (18,12 %) |
| • Reisemål Ryfylke AS (8,82 %) | |
| • Rygjatun Eigedom AS (100 %) | • Biblioteksentralen SA |
| • Rysteg AS (22,53 %) | |
| • Suldal Utviklingsselskap AS (100 %) | |
| • Suldalsposten AS (34,00 %) | |
| • Suldal Vekst AS (26,44 %) | |
| • AS Haukelivegen (2,80 %) | |

Kommunen er og med i nokre samarbeid, foreningar og stiftingar. Med samarbeid her meinast samarbeid som ikkje er egne selskap. Foreningar og stiftingar er sjølv eigde så her har kommunen ikkje eigarandelar. Kommunen har eit kommunalt føretak. Dette er Suldal Elverk. Føretak er ein del av kommunen som juridisk eining, men dei har eiga styre og rapportering. Kommunen har utarbeida eigarskapsmelding. Siste versjon er frå 2015.

PERSONAL OG ORGANISASJON

- Kommunen hadde 451,8 årsverk ved utgangen av 2014. Tilsvarende for 2012 og 2013 var 429,8 årsverk og 444,4 årsverk.
- Gjennomsnittlig stillingsstorleik var på 77,68 % i 2014. Dette er høgare enn i 2013, og over kommunen sitt mål på 75 %. Det arbeidast med å finna måtar å avskaffa eller redusera uønskt deltid.
- Det totale sjukefråværet var på 6,1 % i 2014. I 2012 og 2013 var det på 5,97 % og 5,29 %. Kommunen sitt mål for eit samla sjukefråvær er 5%.

Kommunen sitt mål for arbeidsgjevarpolitikken

Suldal kommune skal vera ein god organisasjon å arbeida i for søvisinnstilte og resultatorienterte medarbeidarar som gir kommunen eit godt omdøme.

Hovudstrategien er å ha nok kompetente medarbeidarar gjennom satsing på etter- og vidareutdanning, rekruttering og leggje til rette for eldre arbeidstakarar. Kommunen har utarbeida ein strategisk plan for rekruttering og skal og gjera dette for kompetanseutvikling.

Kommunane er i stor grad kunnskapsføretak, og er avhengig av å ha spisskompetanse innan fleire område. Det å vera konkurransedyktig – å stå fram som ein arbeidsgjevar med godt omdøme, tilfredsstillande lønnsnivå og gode rammevilkår – blir viktig for kommunen framover. Arbeidsløysa i Rogaland er no stigande, noko som byr på større høve for å rekruttera kvalifiserte medarbeidera på område der ein tidlegare hadde store problem med å rekruttera kvalifisert arbeidskraft. Dette kan og gjelde Suldal.

Vi hadde i 2014 en forvaltningsrevisjon av kommunen sin arbeidsgjevarrolle: Kommunen har i all hovudsak den bemanning og den kompetanse som ein treng for å gje innbyggjarane eit best mogleg tenestetilbod. Kommunen klarer i det alt vesentlege å rekruttera og halda på naudsynt arbeidskraft. Tilsette, leiarar og hovudtillitsvalde gjer inntrykk av at kommunen er god å arbeide i. Kommunen har utfordringar med å rekruttera til enkelte typar stillingar, tilby konkurransedyktig lønn, tilby dei ansatte stor nok stillingsstorleik og at det er mange tilsette i kommunen som byrjar å nærme seg pensjonsalder.

STYRING OG INTERNKONTROLL

Budsjett- og økonomiplanar, årsmeldingar og tertialrapporteringar er dei mest sentrale styringdokumenta i dei overordna styringssystema til kommunen. Rapportering på måla kjem fram av årsmeldinga. Dette gjeld både økonomiske mål, organisatoriske mål og mål for tenesteproduksjonen. Kommunane vil elles i varierende grad ha eigne styringssystem (kvalitetssystem) for dei ulike tenestene (rutinar, risikovurderingar, mål, tiltak og oppfølging, herunder og brukar- og medarbeiderundersøkingar).

Suldal har ei rekke mål for verksemda og dei ulike tenestemråde og einingar. I kommunen sin årsmelding for 2014 er mål, tiltak, og måloppnåing/status og arbeidsmål/utfordringar omtalt. Vi har tatt med større utfordringar herfrå under omtala av dei ulike tjenestemråde og einingar. Det er der og tatt med andre større utfordringar ut frå arbeidssamlinga med leiargruppa til rådmannen.

Utdrag frå vårt årsoppgjersnotat for 2014 (rekneskapsrevisjonen)

Med intern kontroll meinast i denne samanhengen alle aktivitetar som er satt i verk for å sikre at dei fastsette måla blir nådd. Ein sentral føresetnad for at den interne kontrollen skal vere tilfredsstillande, er at den er godt forankra på leiarnivå. Det er vårt inntrykk at dette er tilfellet i Suldal, noko som blant anna gjer seg utslag i god budsjettdisiplin. Alle fire rammeområda er innanfor budsjett. Budsjettoppfølging er eit av de viktigaste styringsinstrumenta ei kommuneleining har, og det er derfor særskild viktig at den fungerer tilfredsstillande.

Andre viktige element i den interne kontrollen er at økonomirutinar og fullmakter er kjent i organisasjonen, og at det skapast forståing for betydninga av kontrollar i alle ledd. Oppdaterte rutineoversikter som er lett tilgjengelege, vil etter vårt skjønn bidra til å forebygge både bevisste og tilfeldige feil, samstundes som det vil sikre kontinuitet i kontrollarbeidet ved fråvær så vel som utskifting av personell. Hovudinstrykket er at Suldal kommune i det vesent-

legaste har tilfredsstillande rutinar på dei fleste områda. Vi har ein del merknader til nokre av rutinane.

TENESTEOMRÅDET OPPVEKST

4.1.1 SKULE

Tabell 6 – Sentrale skuleindikatorar – Suldal samanlikna med andre

	Suldal 2012	Suldal 2013	Suldal 2014	KG 16 2014	Fylket 2014
Nto driftsutg. til grunnskole i % av samlede utg	20,5	21,9	22,5	21,6	24,5
Nto driftsutg. til grunnskole, per innbygger 6-15	140998	146342	148050	160399	96763
Andel elever som får spesialundervisning	9,1	8,8	9,5	9,8	8,1
Andel timer til spesialundervisning	17,1	15	19,7	19,5	17,2
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10. trinn	9,1	9,7	9,6	9,7	13,7
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-4. trinn	8,5	8,5	9,3	9,8	13,3
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 5.-7. trinn	8,2	9,3	8,2	8,8	13,3
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.-10. trinn	11,4	11,9	11,7	10,3	14,5
Gjennomsnittlige grunnskolepoeng	41,7	41	41,6	..	40,3
Andel lærere som er 60 år og eldre	11,6	12	17,3	14,8	11,6
Andel lærere m/vgs utdanning el lavere	4,7	7,2	3,7	4,4	4,8

- Kommunen har mykje høgare utgifter pr. skuleelev enn fylkessnittet, men ligger noko lågare enn kommunegruppa. Kommunen har fleire småskular.
- Omtrent 10 % av elevane mottar spesialundervisning og snaut 20 % av undervisningsressursane går med til dette. Det er liknande tall for komunegruppa, mens fylkessnittet er noko lågare.
- Låg gruppestørrelse samanlikna med fylkessnittet. Kommunegruppa er på omtrent same nivå.
- Gjennomsnittlege grunnskolepoeng er noko høgare enn fylkessnittet.
- Andelen eldre lærere har økt mykje. Det er no ein stor andel eldre lærere.

Frå 1. august 2015 blei det innført skjerpte krav til fordypning i matte, engelsk og norsk. For lærarar i barneskulen blir stilt det kravet om minimum 30 studiepoeng, medan lærarar i ungdomsskulen må ha minst 60 studiepoeng.

4.1.2 BARNEHAGE

Tabell 7 – Sentrale barnehageindikatorar – Suldal samanlikna med andre

	Suldal 2012	Suldal 2013	Suldal 2014	KG 16 2014	Fylket 2014
Nto driftsutg barnehage i % av samlede utg	8,9	10,4	11,4	10,4	17,9
Nto driftsutg per innb. 1-5 år, barnehager	129523	146885	155237	165173	129645
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	92,9	93,9	88,4	91,4	88,5
Andel barn i kommunale bh ift. alle barn i bh	100	100	100	97,3	51,7
Andel minoritetsspråkl. barn i bh ift. innvandrerbarn 0-5 år	69,6	64,3	69,2	57,1	58,6
Andel ansatte med barnehagelærerutd	30,3	24,3	29,3	28,9	30,5
Andel ansatte med annen pedagogisk utdanning	2,2	2,9	5,1	5,3	5,7
Andel styrere og pedledere m/godkj barnehagelærerutd	82,1	65,6	82,8	78,7	84,2
Andel styrere med annen pedagogisk utdanning	12,5	12,5	25	17,6	3,8
Korr bto driftsutg styrket tilbud førskolebarn kom bh	..	..	67222	54616	120046
Bto driftsutg styrket tilbud førskolebarn alle bh			67222	54798	87358
Andel barn m/ekstra ress. til styrket tilbud kom bh			16,4	13,5	21,1
Andel barn m/ekstra ress. til styrket tilbud alle bh	..	..	16,4	13,5	17,9

- Suldal har noko lågare utgifter til barnehagar pr. barn i målgruppa enn kommune-gruppe 16, men har ein god del høgare utgifter enn fylkessnittet.
- Kommunen sine utgifter har auka med 20 % pr. barn i perioden. Dette er ein ganske stor auke og kan delvis skyldast ein lågare dekningsgrad, dvs. færre med barnehage-plass.
- Det berre kommunale barnehagar i kommunen.
- Andelen minoritetsspråklege barn er ein del høgare enn kommune-gruppa og fylkes-snittet.
- Tabellen viser at ein del tilsette ikkje har godkjent barnehagelærerutdanning, i lik-skap med dei vi samanliknar med. Samstundes ser vi at det er ein høg andel styrere med annan pedagogisk utdanning, og det kan sjå ut som kommunen har rapportert inn feil tal her, fordi summen av desse utgjer meir enn hundre prosent.
- Andelen barn med styrka tilbod er noko høgare enn kommune-gruppa og noko lågare enn fylkessnittet. Kommunen bruker mindre ressursar pr. barn enn fylkessnittet, men meir enn kommune-gruppa.

4.1.3 OPPSUMMERING

Til tross for ein høg lærertettleik har Suldal kommune ein relativt høg andel elevar med spesialundervisning, og kvar femte undervisningstime går med til spesialundervisning. Dette reduserar ressursinnsatsen til den ordinære tilpassa opplæringa for hovuddelen av elevane, noko som kan gå ut over kvaliteten i den tilpassa opplæringa. Dette kan igjen generere eit auka behov for spesialundervisning.

Kvar femte undervisningstime går med til spesialundervisning. Ein stadig høgare andel av lærarane er over 60 år, noko som kan by på rekrutteringsbehov og utfordringar i åra framover. Skjerpte krav til fordypning for lærare i matte, engelsk og norsk. Det er mange tilsette i barnehagen som ikkje har godkjent barnehagelærerutdanning e.a.

Det er også utfordringar knytta til auke i minoritetsspråklege barn og elevar. Det same gjeld barn og elevar med tunge diagnosar. Her er det viktig med kompetanseheving på områda. Uteområda på dei fleste skular og barnehagar treng oppgradering. Ein må sørge for å oppretthalda kvaliteten i skulen og barnehagen trass nedskjeringar. For PP-tenesten vil det bli ein del utskifting i personalet om få år, og det vil difor bli behov for kompetanse på dei fleste spesialpedagogiske felt. Ved samanslåing av tenesta med Sauda, må ein sjå kompetansen under eitt.

4.1.4 BARNEVERN

Tabell 8 – Sentrale barnevernindikatorar – Suldal samanlikna med andre⁴

	Suldal 2012	Suldal 2013	Suldal 2014	Hjelme- land 2014	Norge 2014
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år	5143	9020	10596	8378	8021
Andel nto driftsutg til barn m/omsorgstiltak	20,4	37,4	43,2	46,4	54,7
Andel barn med barnevernstiltak ift. innb 0-17 år	5	5,8	5	8	4,8
Andel barn m omsorgstiltak ift. ant innb. 0-17 år	..	1,5	1,7	1,5	1,7
Barn med undersøkelse eller tiltak per årsverk	12,7	16,5	19,7	18,5	16,2
Andel undersøkelser m/behandlingstid innen 3 mnd	50	56	56	61	79
Andel barn med tiltak per 31.12. m/utarbeidet plan	90	59	92	89	83
Andel meldinger som går til undersøkelse	..	60,8	77,8	87,2	79,2
Andel undersøkelser som førte til tiltak	50	68	94,4	68,3	43,7

- Barnevernsutgiftene per barn i kommunen er meir enn fordobla på to år. Suldal sine utgifter per innbyggjar er no ein god del høgare enn både Hjelmeland og landssnittet.
- Andelen av barnevernets utgifter til omsorgstiltak er lavare i Suldal, samanlikna med andre kommunar.
- Andelen barn med barnevernstiltak/omsorgstiltak er på nivå med landssnittet, og det har ikkje vore ei spesiell auke dei siste åra.
- Mesten halvparten av undersøkingane har ein handsamingstid på meir enn tre månadar. Dette er klart fleire enn landssnittet. Ei undersøking i barnevernet skal gjennomførast snarest, og seinast innan tre månader. I særlege tilfeller kan fristen vera seks månader.
- Det har vore ei auke i saksmengde (i alle fall i kvantitativ forstand), og i 2014 er det eine noko høgare antall barn med undersøking eller tiltak per saksbehandlar i Suldal enn i dei andre kommunane.

⁴ Vi samanliknar her med Hjelmeland og landssnittet fordi det øvrige samanlikningsgrunnlaget var mangelfullt.

- Andelen barn med tiltaksplan har variert i perioden. Den var høy i 2012 og 2014, men svært låg i 2013.
- Andelen undersøkingar som førte til tiltak har auka mykje i perioden. Dei fleste undersøkingar siste året førte til tiltak. Dette er langt fleire enn både Hjelmeland og landssnittet.

OPPSUMMERING

Barnevernet har fordobla utgiftane dei to siste åra, trass i at andelen barn med tiltak har vore nokonlunde konstant. Ei relativt liten del av utgiftene er likevel knytta til omsorgstiltak, som normalt er dei mest kostnadskrevjande tiltaka. Tala kan altså tyde på at det først og fremst er hjelpetiltaka i Suldal som er meir kostnadskrevjande enn andre stadar.

Samstundes ser vi at omsorgstiltakas andel av utgiftene utgjør ein stadig større del av dei totale utgiftene.

Det er lang sakshandssamingstid i ei rekkje undersøkingar. Dette kan bidra til at barna ikkje får naudsynt hjelp i rett tid.

TENESTEOMRÅDET HELSE OG OMSORG

PLEIE OG OMSORG

Tabell 9 – Pleie og omsorg – Suldal samanlikna med andre

	Suldal 2012	Suldal 2013	Suldal 2014	KG 16 2014	Fylket 2014
Nto driftsutg pleie og omsorg i % av kommunens utg	28,9	31	32,8	30	28,5
Institusjoner - andel av nto driftsutg til plo, konsern	43	44,7	44,2	57,2	44,3
Tjenester hjemmeboende, andel av nto driftsutg til plo	50,1	47,3	47,6	35,9	50,4
Aktivisering, støttetj, andel av nto driftsutg til plo	6,8	8	8,2	6,9	5,3
Nto driftsutg pr. innbygger, pleie- og omsorgstjenesten	26053	27674	28619	28085	14679
nto driftsutg, pleie og omsorg pr. innbygger 80+	416855	457038	497263	530737	424080
Andel årsverk i brukerrettede tjenester m/ fagutd	81	84	80	75	76
Mottakere av hjemmetjenester, pr 1000 innb 0-66 år	23	33	26	21	16
Mottakere av hjemmetjenester, pr 1000 innb 67-79 år	105	99	108	93	62
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 80+	467	485	478	398	318
Korrigerte bto driftsutg, pr. mottaker av hjemmetj	243969	217742	248828	225754	262717
Plassar i institusjon i prosent av innbyggere 80+	16,1	16,6	17,4	28,8	18,9
Plassar i inst. og døgnbemannet bolig i % av bef. 80+	54	39	46	38	30
Andel beboere på institusjon under 67 år	..	..	..	3	14
Andel beboere i institusjoner 80 år og over	76,9	75,8	74,1	72,4	67,4
Andel plassar avsatt til tidsbegrenset opphold	20,5	7,7	20,5	14,5	20,1
Andel plassar i skjermet enhet for personer m/demens	43,6	43,6	43,6	20,3	29
Korrigerte bto driftsutg, institusjon, pr. kom. plass	1212650	1356000	1350024	1157562	1144575

- Utgifter pr. innbyggjar på området er på nivå med kommunegruppa, men dobbelt så høgt som fylkessnittet.
- Utgifter pr. institusjonsplass er ein god del høgare enn i andre kommunar.
- Kommunen har litt lågare antall plassar i institusjon i prosent av dei over åtti, men har til gjengjeld totalt sett ein svært høg andel plassar i institusjon og heldøgnbemannet bustad (nesten femti prosent). Vi er samstundes informert om at det hausten 2015 stod 26 institusjonsplassar ledige⁵.
- Vi får opplyst at kommunen har ein desentralisert bu-teneste, med tre bu- og omsorgssenter. Ifølge årsmeldinga er dette ein betydeleg utfordring for kommunen: *«Ei av framtidas utfordringar blir å få til rett tenestenivå . Nå sit Suldal me ledige plassar i kvart bygg.»*
- Kommunen har mange brukare av heimetenester, samanlikna med referansekommunane.
- Andelen korttidsplassar har variert i perioden. Den var høg i 2012 og 2014, men låg i 2013. Det har vært relativt høg gjennomstrømning i korttidsplassene, sammenlignet med andre kommuner. I snitt varte hvert korttidsopphold i 15 dager. En god gjennomstrømning i korttidssengene er viktig for å sikre en god tilgjengelighet til institusjonstjenester, og er eit viktig virkemiddel for at folk kan bu lengst mogleg heime.
- Andelen demensplassar har vært stabil og høg i heile perioden. Den er mykje større enn både kommunegruppa og fylkessnittet.

Kommunen ser det som utfordrande å rekruttere og behalda tilsette i sjukeheimen, spesielt i små stillingar. Det er ein stor auke i søknader frå utanlandske kandidatar. Dei er ofte fagleg gode, men med mangelfulle kunnskapar i norsk og kulturforskjellar. Ledige rom på sjukeheimen gir mindre inntekter enn budsjettet. Det er ei utfordring å ta ned driftsutgiftene tilsvarende.

For heimetenesta ser kommunen utfordringar med å få til rett tenestenivå. Det same gjeld å ha nok sjukepleiarar til å dekke sjukepleievakta. Dei vil sjå dette opp mot organisering av tenestene.

Eit generelt utviklingstrekk i pleie- og omsorgssektoren er at det blir fleire unge tenestemottakarar, dvs. under 67 år. I 2014 var 33 prosent av mottakarane under 67 år i Suldal.

⁵ Opplyst i møte med leiargruppa i september 2015.

HELSETENESTER

Tabell 10 – Helsetenester – Suldal samanlikna med andre

	Suldal 2012	Suldal 2013	Sul- dal 2014	KG 16 2014	Fylket 2014
Nto driftsutg pr. innbygger, kommunehelsetjenesten	3608	3896	4377	4923	2058
Nto driftsutg til forebyg. helsest- og skolehelsetj. pr innb 0-20	2892	2818	2731	3087	1889
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere	18,4	18,4	18,4	18,5	9,5
Årsverk i alt pr. 10 000 innbyggere 0-5 år	121,7	21,6	149,8	186,4	93
Legetimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,79	0,91	1,23	0,79	0,58
Gjennomsnittlig listelengde	594	712	596	646	1233
Reservekapasitet fastlege	103	109	113	124	105

- Kommunen sin legedekning er på nivå med kommunegruppa, men mykje betre enn fylkessnittet.
- Legedekninga på sjukeheim er særskild god, med mellom ein og halvannen time i snitt per veke. Kapasiteten på listelengda er høg, og fastlegenes reservekapasitet er god.

Vi hadde i 2015 ein forvaltningsrevisjon av skifte av fastleger i kommunen: Det blei avdekket ein rekke funn og gitt ein del tilrådingar (<http://www.rogaland-revisjon.no/Nyheter/Legetenesta-i-Suldal-kommune.aspx>). For brukarane var hyppige legeskifter og lang ventetid dei viktigaste utfordringane ved legetenesta. For kommunen var det mellom anna utfordringer knytt til å stabilisera legetenesta, bremsa/reduera utgiftsveksten og utnytta inntektshøva betre.

RUS OG PSYKIATRI

Tabell 11 – Rus og psykiatri – Suldal samanlikna med andre

	Suldal 2012	Suldal 2013	Suldal 2014	KG 16 2014	Fylket 2014
Nto driftsutg. tilbud til pers. m/rusprobl. pr. innb. 18-66 år	91	366	182	239	492
Årsverk av psyk sykepleiere per 10 000 innb. (helse+plo)	7,7	7,7	7,7	5,8	4,1
Årsverk m/vidererutd i psyk helsearbeid per 10 000 innb	7,8	7,8	7,8	8,2	6,7

- Kommunen sine utgifter på området har variert mykje i perioden. I 2014 er dei ein del lågare enn kommunegruppa og mykje lågare enn fylkessnittet.
- Kommunen har på området relativt fleire årsverk enn kommunegruppa og ein god meir enn fylkessnittet.
- I årsmeldinga ser ein utfordringa kring det å oppretthalde den faglege kompetansen innan psykisk helse.


NAV (SOSIALE TENESTER)

Tabell 12 – Sosialhjelp – Suldal samanlikna med andre⁶

	Suldal 2012	Suldal 2013	Suldal 2014	Hjelme- land 2014	Landet 2014
Nto driftsutg. til sosialtjenesten pr. innb 20-66 år	903	2196	4348	4000	3504
Andel nto driftsutg. til førebyggjande arbeid	-28,2	23,9	56,3	66,7	36,6
Andel nto driftsutg. til økonomisk sosialhjelp	117,6	58,6	39,3	33,3	47,8
Andel nto driftsutg. til tilbud til personer med rusprobl	10,5	17,5	4,4	0	15,6
Andel sosialhjelpsmottakere ifht. til innb i alderen 20-66	4,3	4,6	4,9	4,3	4,2
Gjennomsnittlig stønadslengde mottakere 18-24 år	3,8	3,5	3	4,1	..
Gjennomsnittlig stønadslengde mottakere 25-66 år	4,4	4,6	4,7	5,6	..
Sosialhjelpsmottakere m/stønad i 6 mnd eller mer	26	31	32	32	111
Andelen sosialhjelpsmottakere 18-24 år, av innb 18-24	..	5,9	7,2	6,4	..

- Det har vore ein betydeleg auke i utgiftene på området dei siste åra. Utgiftene pr. innbyggjar i yrkesaktiv alder har nesten firedobla seg. Dei er no mykje større enn landssnittet, men ikkje så mykje større enn Hjelmeland.
- Det har vore ein stor dreining frå utgifter til økonomisk sosialhjelp til utgifter til førebyggjande arbeid. Andelen brukt til tilbud til personer med rusproblemer har variert i perioden. Den er låg i 2014.
- Andelen sosialhjelpsmottakere har auka noko i perioden. Andelen er ein del større enn både Hjelmeland og landssnittet. Men andelen som mottar stønad i meir enn 6 månedar er nokså moderat.
- Suldal har mange unge sosialhjelpsmottakere. Dette illustrerast i figuren under

Figur 3 – Omfang sosialhjelpsmottakere mellom 18-24 år i % av innbyggjare mellom 18-24 år (KOSTRA 2014)⁷



⁶ Vi samanliknar her med Hjelmeland og landssnittet fordi det øvrige samanlikningsgrunnlaget var mangelfullt.

⁷ Vi har ikkje data for Forsand og Kvitsøy.

Ifølgje årsmeldinga for 2014 er det i Suldal fleire unge som ikkje kan direkte formidlast til arbeid. Alle NAV sine virkemiddel blir nytta for at denne gruppa skal få tilbod som gir grunnlag for betre tilknytning til arbeidslivet. «*Dette skal bidra til å bremse langvarige ytingar, arbeidsløysa og uførhet*».

OPPSUMMERING

Pleie og omsorg. Kommunen ein høg andel plassar i institusjon og heldøgnsbemannet bustad, og utgiftene per institusjonsplass er høge. Eit annet særtrekk ved Suldal er at det er mange innbyggjarar som mottar heimetenester (eller pleie- og omsorgstenester, for den saks skuld).

Eit tredje særtrekk er at kommunen har mange ledige plassar, og at ein finn ledige plasser i alle einingaene. For kommunen blir det ein utfordring å forsøkja å rasjonalisera drifta samstundes som ein skal ta geografiske omsyn for dei enkelte distrikta.

I likskap med mange andre kommuner ønskjar også Suldal å vri meir av ressursinnsatsen mot heimetenestene, for å leggja til rette for at innbyggjarane bur heime lengst mogleg.

Befolkningsframskrivningane synar at talet på innbyggjarar mellom 67-79 vil auke kraftig. Samstundes vil talet på dei over åtti reduserast. Dette kan bety at behova for pleie- og omsorgstenester vil bli mindre i åra framover. Men det kan også bety at behova for førebyggjande omsorgstenester aukar noko, medan behovet for omfattande pleie og omsorgstenester reduserast. Dette kan skapa eit godt utgangspunkt for ein omstillingsprosess framover, til dømes med sikte på å stimulere brukarane til å bu lengre heime på egenhånd.

Per i dag er det utfordrande å yte rett tenestenivå innan heimetenester, og kommunen ser det som utfordrande å rekruttera og behalda tilsette i sjukeheimen, spesielt i små stillingar.

Sosial. Det har vore ein sterk auke i sosialutgifter dei to siste åra, og utgiftene er no mykje større enn landssnittet. Eit anna særtrekk med Suldal er at kommunen har mange unge sosialhjelpsmottakere.

Prognosane tyder på at arbeidsløysa for 2015 og 2016 vil auke. Dette vil kunne medføra at behovet for sosiale tenester vil auke. I tillegg kjem det fleire flyktningar i åra framover, og fleire asylsøkare med oppholdstillatelse skal busetjas i kommunen. Dette vil kunne utfordre det kommunale integrerings- og mottaksapparatet, og auke behovet for sosiale tenester.

TENESTEOMRÅDET BUSTAD OG KULTUR

4.1.5 PLAN OG FORVALTNING

Tabell 13 – Plan og forvaltning – Suldal samanlikna med andre⁸

	Suldal 2012	Suldal 2013	Suldal 2014	Hjelmeland 2014	Fylket 2014
Nto driftsutg til planlegging, k-minner, natur og nærmiljø , pr innb	1728	1735	1490	1367	835
Alder for kommuneplanens arealdel	3	4	5	3	4
Alder for kommuneplanens samfunnsdel	3	4	5	3	5
Saksbeh.gebyr, privat reg.plan, boligformål.	31000	39270	25750	74000	73025
Saksbeh.gebyret for oppføring av enebolig	3200	3306	7210	10707	11069
Snitt saksbeh.tid for private forslag til detaljreg. Kalenderdager	180	585	360	296	307
Snitt saksbeh.tid for detaljreg. fra kommunen. Kalenderdager	..	365	..	500	137
Gj.snittlig saksbeh.tid for byggesaker m/3 ukers frist. Kalenderdg	20	20	14	22	22
Gj.snittlig saksbeh.tid for byggesaker m/12 ukers frist. Kalenderdg	38	39	30	42	42
Andel søkn. om tiltak der komm. har overskr. lovpålagt saksbeh.tid	21	49	8	15	7

- Kommunen sine utgifter på området er redusert det siste året.
- Kommunen vedtok ny kommuneplan i 2015.
- Gebyret for private reguleringsforslag gjekk ein god del ned siste året. Gebyret er betydeleg mindre enn både Hjelmeland og fylkessnittet. Gebyret for byggesaker gjekk mykje opp siste året, men det er likevel ein god del mindre enn både Hjelmeland og fylkessnittet. Gebyra på desse områda kan maksimalt utgjera sjølvkost til kommunane for tenestene.
- Handsamingstida for private reguleringsforslag avheng mykje av kompleksiteten i planforslaget og innvendingar frå andre. Den vil derfor kunne variera mykje frå år til år.
- Kommunen si handsamingstid for ordinære byggesaker (12 veker-fristen) gjekk ein god del ned siste året. Den er mykje lågare enn både Hjelmeland og fylkessnittet.
- Andelen byggesaker som har overskride tidsfristane har variert mykje i perioden. Den var høg i 2012 og svært høg i 2013. Kommunane vil kunne måtte registrera gebyrreduksjon (gebyrtap) dersom dei overskrid tidsfristane for ordinære byggesaker.

For plan- og byggesaker kan kommunen krevja inntil full sjølvkost for tenestene. Dette gjeld det arbeid som kommunen etter lovreglane kan ta seg betalt for. Kommunen opererer her ikkje med full sjølvkost på områda.

Vi hadde i 2014 en forvaltningsrevisjon av kommunen sine plan- og byggesaker: Vi fann kommunen sitt arbeid med plan- og byggesaker stort sett tilfredsstillande. Vi hadde tilrå-

⁸ Vi samanliknar her med Hjelmeland fordi det øvrige samanlikningsgrunnlaget var mangelfullt.

dingar som gjekk på bruken av ByggSøk, tilsyn, tidsregistreringa av ordinære byggesaker og handteringa av gebyrreduksjon ved fristoverskridingar i slike saker. Når det gjaldt andelen byggesaker som overskreid tidsfristane var dette i hovudsak saker utan gebyrtap (enkle tiltak iht. 3-vekers fristen) og dessutan at den reelle handsamingstida var ein del kortare sidan kommunen ikkje registrerte stopp i tidsfristane pga. tilhøvet til søkar. Det samla gebyrtap var ganske ubetydeleg.

Ifølgje årsmeldinga er oppfølging av bustadområda som er lagde ut i ny kommuneplan er hovudutfordringa for tenestområdet komande år. Det er og ei utfordring å koma i mål med oppfølging av ulovlege tiltak. Det er elles ein god del misnøye med vedtak i kommunen. Det er fleire som klagar og engasjerer advokat når ein er misnøgd med kommunen eller naboen. Dette er som regel småsaker med små konsekvensar, men dei fører til mykje arbeid for administrasjonen og frustrerte partar. Dette har auka år for år.

4.1.6 EIGEDOMSFORVALTNING

Tabell 14 – Egedomsforvaltning – Suldal samanlikna med andre

	Suldal 2012	Suldal 2013	Suldal 2014	KG 16 2014	Fylket 2014
Nto driftsutg. til kommunal eiendomsforv. per innb.	7454	7986	8862	10454	4117
Utg. til eiendomsforvaltning på eide bygg per kvm	792	857	963	1021	809
Utg. til eiendomsforvaltning på leide bygg per kvm	..	..	..	914	804
Utg. til vedl.h.aktiviteter i kom. eiendomsforv. per kvm	100	111	340	147	77
Utg. til driftsaktiviteter i kommunal eiendomsforv. per kvm	392	415	275	507	406

- Samla sett har det vore ein auke i utgiftene til egedomsforvaltning pr. kvm bygg. Suldal brukar over dobbelt så mykje til kommunal eiendomsforvaltning som snittet i Rogalandskommunane. Samstundes ligg Suldal betydelig lavere enn kommunegruppesnittet.
- Vi ser at kommunen brukar mykje på vedlikehold og lite på drift, samanlikna med andre. Endringen frå 2013 til 2014 kan skuldast endra føringsmåte. Vi ser at summen av drifts- og vedlikehaldsaktivitetar er nokså lik dei andre kommunane.

Ifølgje årsmeldinga er det for kommunen viktig å ta vare på den kommunale infrastrukturen og dei kommunale egedomane. Kommunen ser elles utfordringar knytta til å gjennomføre omprioriteringar og finne ressursar til å levere drifts- og vedlikehaldstenester innan ulike driftsområde etter forventningar frå politisk hald, andre tenesteområde og innbyggjarar og publikum forøvrig. Det er og utfordringar ved å finne nødvendige og kvalifiserte ressursar innan eige tenesteområde og i konsulentmarknaden til å løyse og gjennomføre investeringsoppgåvene. I tillegg kjem det å behalde og rekruttera nødvendig kvalifisert personell til å utføre oppgåver og tenester lagt til tenesteområdet.

4.1.7 VATN, AVLØP OG AVFALL

Tabell 15 – Vatn, avløp og avfall – Suldal samanlikna med andre⁹

	Suldal 2012	Suldal 2013	Suldal 2014	Hjelme- land 2014	Fylket 2014
Vann					
Andel av befolkn. som er tilkn. Kom. vannforsyning	62,4	68,7	70,1	84,3	87,6
Årsgebyr for vannforsyning	2837	3200	3328	4187	2467
Andel fornyet ledningsnett, snitt for siste tre år	0,08	0,08	0	0,56	0,54
Avløp					
Andel av bef. som er tilknyttet kom. avløpstj	61,2	61	84,9	43,1	87,7
Årsgebyr for avløpstjenesten	2670	3030	3152	2726	2954
Andel spillvannsnett med ukjent alder	0	0	0	17	11
Andel fornyet spillvannsnett, snitt for siste 3 år	0	0	0	..	0,48
Avfall					
Årsgebyr for avfallstjenesten	2797	2797	2797	3200	2593
Husholdningsavfall per innbygger	466	526	523	525	..
Antall avfallstyper som det er lagt til rette for sortering	..	9	9	9	5

- Det er ein ganske låg tilknytning til det kommunale vatn-nettet samanlikna med fylkessnittet, men andelen har auka i perioden. For avløpsnettet var det ein stor auke i tilknytninga det siste året. Andelen er nå nesten på nivå med fylkessnittet. Låg tilknytning skuldast gjerne spredt busetnad.
- Kommunen sitt vatngebyr er ein god del høgare enn fylkessnittet, men ein god del lågare enn Hjelmeland. For avløps- og avfallsgebyret er det ikkje så store skilnader. Kommunen sitt avløpsgebyr er noko høgare enn både fylkessnittet og Hjelmeland, mens avfallsgebyret ligg midt i mellom desse. Gebyra på alle desse områda vil normalt utgjera sjølvkost til kommunane for tenestane. Spreidd busetnad, store avstandar og få innbyggjarar bidreg til høgare gebyr.
- Kommunen har ein svært låg fornyingsgrad for vatn- og avløpsnettet i perioden. Dette skal skyldast at det har vore lågt behov for fornying i desse åra.
- Tala for avfallstypar er feil. Det er kun ein avfallsfraksjon og avfallet blir ikkje kilde-sortert i ryfylkekommunane (se under).

Iht. lovreglane bør kommunen ta seg betalt full sjølvkost for vatn- og avløpstjenestene. For avfallstenesta er full sjølvkost eit lovkrav. Kommunen opererer her med full sjølvkost på områda. Avfallstenesta blir utført av det interkommunale selskapet Ryfylke Miljøverk.


For kommunen er det viktig å fullføra opprusting og utbygging av dei kommunale vassverka slik at dei settar kvalitetskrav yil drikkevatnet. Vassdirektivet er eit omfattande arbeidsfelt som må følgjast opp. Det er også viktig å fullføra bygging og oppgradering av kommunale avløpsanlegg slik at dei tilfredsstiller nye og auka miljøkrav.

⁹ Vi samanliknar her med Hjelmeland fordi det øvrige samanlikningsgrunnlaget var mangelfullt.

4.1.8 LANDBRUK

Suldal er ein stor landbrukskommune, og har ein sterk prioritering av landbruk og landbruksbasert næringsliv. Dette heng saman med kommunens itt mål for landbruket: *Landbruket i Suldal skal også i framtida vera ei av dei viktigaste næringane. Både tradisjonelt landbruk og nye nisjenæringar skal utviklast. Landbrukseigedommane bør ikkje stykkast opp ved frådelling og sal av ulike verdiobjekt.*

Figur 4 – Netto driftsutgifter til landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling 2014 (i tusen kroner)



Landbruket i Suldal står føre store utfordringar i møtet med krav om auka effektivitet og større bruk. Ei annan utfordring er jordvern. Ifølge styringsdokumentene skal kommune sikre landbruket sine arealressursar mellom anna ved å leggja stor vekt på jordverninteressane ved søknad om frådelling/omdisponering. Rogaland Revisjon har gjennomført forvaltningsrevisjonar av jordvernet i andre kommunar. Ofte er det slik at den beste jorda ligger der utbyggingspresset er størst. Dette skaper ekstra store utfordringar i tilhøve til forvaltning av areala.

4.1.9 KULTUR

Tabell 16 – Kultur – Suldal samanlikna med andre

	Suldal 2012	Suldal 2013	Suldal 2014	KG 16 2014	Fylket 2014
Nto driftsutg for kultursektoren per innbygger	5502	5802	5552	6467	2287
Nto driftsutg til folkebibliotek	8,7	9,1	9,3	9	11,5
Nto driftsutg til idrett	16,4	10,7	7,3	11	10
Nto driftsutg kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg	15,8	16,3	16,5	11,6	22,2
Nto driftsutg til musikk- og kulturskoler	20,6	23,6	26,7	17,2	14,7
Nto driftsutg kommunale kulturbygg	9,8	11,8	11,9	17,1	7,6
Antall frivillige lag som mottar kommunale driftstilskudd	39	43	35	199	1101
Kom. driftstilskudd til lag pr lag som mottar tilskudd	7769	8023	10457	20879	48916

- Utgiftene pr. innbyggjar til kultur har vore ganske stabile i perioden. Dei er lågare enn kommunegruppa, men mykje høgare enn fylkessnittet. Ein god del av midlane går til musikk- og kulturskular.
- Kommunen sine driftstilskott pr. lag som får tilskott har auka i perioden. Suldal gir tilskott til relativt fleire lag og foreningar enn mange andre kommunar. Til dømes var det 26 lag og foreningar i Randaberg kommune (om lag 10 000 innbyggjare) som fekk tilskott frå kommunen. I Suldal er derfor det gjennomsnittlige tilskottet betydeleg lavare enn i andre kommunar.

4.1.10 KLIMA OG MILJØ

Tabell 17 – Klima og miljø – Suldal samanlikna med andre

	Suldal 2012	Suldal 2013	Suldal 2014	KG 16 2014	Fylket 2014
Kommunale energikostn, per innbygger	1912	1919	1805	2391	730
Energikostn. til førskolelokaler per barn i kom. barneh	1292	1223	1859	2200	1126
Energikostn. til skolelokaler per elev i grunnskolen	3533	3595	2946	3178	1522
Energikostn. til institusjonslokaler per beboer	15846	21303	23370	24412	13504
Husholdningsavfall per innbygger	466	526	523	..	..
Andel husholdningsavfall sendt til energiutnyttelse	60	55	56	46	42
Andel levert til materialgjenvinning inkl biologisk beh	15	25	25	36	44
Antall innbyggere per personbil	2,17	2,15	2,13	1,96	2,1
Antall innbyggere per el-bil	3872	1940	1297	338	124

- Energikostnader har gått litt ned siste året. Dei er ein god del lågare enn kommunegruppa, men mykje høgare enn fylkessnittet.
- Det som overraskar oss mest er at energikostnadene i institusjonar og barnehagar har hatt ei kraftig auke dei siste åra. I dei fleste andre kommunane vi gjennomfører overordna analyse er bilete motsatt, energikostnadane går ned i desse formålsbygga. Nå er det riktignok slik at energikostnadene i skulen reduserast.
- I 2014 ligger Suldal noko lavere enn kommunegruppe 16, men betydeleg høgare enn fylkessnittet på alle energiindikatorane.
- I likhet med de andre ryfylkekommunene produserar kvar innbyggjar mykje søppel. I dei fleste kommunane på Nord- Jæren produserast det i underkant av 400 kilo søppel per husholdning per år. I Suldal produseres det godt over 500 kilo per innbyggjar, og lite blir gjenvunne, som vi skal se under.
- I likhet med die andre ryfylkekommunane har Suldal bare ein avfallsfraksjon og kun 25 % av hushaldavfallet går til gjenvinning.

MÅL FOR KOMMUNEN SITT KLIMA OG MILJØ

Klimautsleppa er ein god del høgare i Suldal enn landssnittet. Eit betre klima og miljø er eit mål i kommunen. Dette skal skje gjennom å redusera klimautsleppa: Klimautslepp i Suldal skal ikkje auka og stabiliserast på 2009-nivå innan 2017. Det blir her vist til kommunen sin energi- og klimaplan (kommunedelplan for klima og energi).

OPPSUMMERING

Miljø og klima. Suldal har eit mål om å redusera klimautsleppa. Gjennomgangen tydar på at Suldal har eit forbettringspotensial med omsyn til energiøkonomisering. I motsetnad til mange andre kommuner går energiutgiftene opp i føremålsbygg som institusjonar og barnehagar. Førstnevnte må kanskje sjåast i samanheng med at det er mange institusjonsplassar som står ledige.

I likhet med dei andre ryfylkekommunane produserer hver innbyggjar mykje avfall, samanlikna med andre, og bare ein fjerdedel blir gjenvunne. **Gjenvinningsprosenten** er langt høyere i de andre kommunene Rogaland Revisjon betjener. Her blir i snitt 42 prosent av alt husholdningsavfall gjenvunne. Fleire kommunar gjenvinn over femti prosent av avfallet.

Landbruket i Suldal står føre store utfordringar i møtet med krav om auka effektivitet og større bruk. Ei annan utfordring er å balansere hensynet til jordvernet og hensynet til boligbygging og utbygging av industri.

TIDLEGARE FORVALTNINGSREVISJONAR OG TILSYN

FORVALTNINGSREVISJONAR (OG SELSKAPSKONTROLLAR)

Tabell 18 – Forvaltningsrevisjonar i forrige periode 2013-2015

År	Område	Tema
2013	Helse og omsorg	Barnevern
2013	Teknisk	Styring av byggeprosjekt
2014	Organisasjon	Arbeidsgjeverrolla
2015	Helse og omsorg	Skifte av fastlege
2015	Teknisk	Plan- og byggesaker
2013	Selskapskontroll	Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS

Tabell 19 – Tilsyn frå fylkesmannen i tidsrommet 2013-2015

År	Avdeling (fylkesmannen)	Tema
2013	Utdanning	Opplæringslova Kap. 4a Vaksne sin rett
2013	Forvaltning	Samfunnstryggleik og beredskap
2014	Utdanning	Barnehagelova § 8 Kommunen som barnehagemynde
2015	Helse og sosial	Barnevernstenesta – kommunen sitt arbeid med meldingar
2015	Landbruk	Forvaltningskontroll

KOMMENTAR

Både Rogaland Revisjon og Fylkesmannen arbeider for å unngå at parallelle tilsyn skjer. Det er også slik at utgangspunktet for tilsyna er forskjellig. Rogaland Revisjon og kontrollutvalet er ein del av den kommunale eigenkontrollen, mens Fylkesmannen skal sikre at kommunane følgjer nasjonale lover og vedtak. Innretninga er og forskjellig. Fylkesmannen sjekkar i første regeletterleving av bestemte paragrafar innanfor bestemte tenesteområde, dvs. om loven følgjast på området. Dette kan og vera eit tema innan forvaltningsrevisjon, men der er spennvidda i tematikk er langt større. Dømer på tema innan forvaltningsrevisjon: Benchmarking, effektivitet, forenkling, forbetring, måloppnåing, økonomistyring, samhandling, tenestekvalitet, brukertilfredshet, evaluering av omorganisering og styringsystem, internkontroll, regeletterleving osv. I tillegg gjennomførast det enkelte undersøkingar og granskingar.

Ein annen skilnad er at forvaltningsrevisjonen involverar og ein større del av kommunen sin organisasjon. I tillegg til leiargruppa er det vanlig å intervju øvrige tilsette i ulike deler av organisasjonen og instansar kommunen samarbeider med. Mange av prosjekta inneheld og intervju eller undersøkingar retta mot brukarane av kommune sine tenester. Det er og fleire forvaltningsområder Fylkesmannen ikkje driv tilsyn. Eit døme på dette er offentlege anskaffingar, der Rogaland Revisjon som regel blir bedt om å sjekke kommunen sin regeletterleving av lov om offentlege anskaffingar.

5 VEDLEGG

Investeringsbudsjett i Suldal kommune

Tabell 20 – Investeringsbudsjettet 2015-2018

ØKONOMIPLAN 2015 - 2018 - INVESTERING		(2015-kroner, summer i heile tusen)					
Rammeområde		R 2013	B 2014	B 2015	ØP 2016	ØP 2017	ØP 2018
Formannskapet	Utgift	2 852	4 160	8 185	4 300	1 300	1 500
Levekårsutvalet	Utgift	21 158	47 698	30 150	81 860	19 500	17 000
LMT-utvalet	Utgift	28 097	77 818	67 640	62 660	36 900	10 473
BRUTTO INVESTERINGSUTG.		51 907	129 676	103 975	138 800	57 700	28 973
Utlån, kjøp av aksjer/andel	Utbet.	3 525	960	1 200	1300	1400	1500
Startlån Husbanken			5 000	5 000	5 000	5 000	5 000
Avdrag	Utbet.	59	190	195	325	795	1 325
Overføring							
Avsetninger	h.fin.tr.	3 089					
Avsetjing til likviditetsres.	h.fin.tr.						
Dekning av tidl. års udekk	h.fin.tr.	0					
SUM FINANSIERING		58 580	135 826	110 370	145 425	84 895	36 798
FINANSIERING:							
<u>Fremmedkapital:</u>							
Bruk av lån	innt.føring	-4 671	-87 348	-81 350	-64 557	-30 977	-5 150
Sjueh.tomsorgsb.- lån	"						
Startlån Husbanken	"		-5 000	-5 000	-5 000	-5 000	-5 000
Lånforskot RSKHydro							
Tilskot og refusj.	Inntekt	-3 460	0	0	0	0	0
Kompensasjon for merverdiavg.	"		-9 123	-8 700	-24 100	-6 300	-3 500
<u>Eigenkapital:</u>							
Frå driftsbudsjettet	Inntekt	-14 118	-10 000	0	0	0	0
Frå driftsbuds.konsesj.avg.	"		-15 373	-19 325	-17 323	-17 323	-17 323
Mva- komp. invest.	"		0				
Sal av faste eged. o.a.	Inntekt	-1 844	-500	-500	-500	-500	-500
Mottatte avdrag på utlån,							
og sal av aksjer/and.	Innbet.	0	0	0	0	0	0
Avdrag form/startl.	Innbet.	0	-190	-195	-325	-795	-1 325
Bruk av ubunde inv. fond	Int.fin.tr.	0	0	0			
Bruk av bunde fond	"						
Bruk av kommunikasjonsfond	Int.fin.tr.						
Bruk av disposisjonsfond	"	-34 487	-8 292	-15 300	-33 620	-4 000	-4 000
Bruk av likviditetsreserve	"						
Udekk	"	0					
SUM FINANSIERING		-58 580	-135 826	-110 370	-145 425	-84 895	-36 798



Rogaland Revisjon IKS

Lagårdsveien 78
4010 Stavanger

Tlf 40 00 52 00
Faks 51 53 40 03

www.rogaland-revisjon.no

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	25.02.16	08/16
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 28.01.16

Vedlegg: Protokoll frå kontrollutvalsmøte 28.01.16

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 28.01.16 ligg ved saka til godkjenning. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 28.01.16 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 18.02.16



Odd Gunnar Høie

Rådgjevar/utvalssekretær

SULDAL KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Torsdag **28. januar 2016** blei det halde møte i Suldal kontrollutval under leiding av leiar Vanja Ignjatic.

MØTESTAD:	Suldal kommunehus, formannskapssalen
MØTESTART-MØTESLUTT:	kl. 10.00 – 12.00
MØTANDE MEDLEMMER:	Vanja Ignjatic (H), Tormod Skeie (SV), Heine Mo Willig (SV), Otto Underbakke (H) og Eldbjørg Sivertsen (Krf)
FORFALL:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Rådgevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor Bernt Mæland, Rogaland Revisjon IKS
ANDRE SOM MØTTE:	Ass. rådmann Dagfinn Helland og einingsleiar bygdeutvikling Endre Gjil til og med sak 04/16
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 01/16 GODKJENNING AV PROTOKOLL 12.11.15

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 12.11.15 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 28.01.16:

Det blei peika på ei uheldig formulering i sak 23/15 : «Medlemmene drøfta enkeltsaka», som kunne mistolkast, og blir endra til «orienteringa» .

Utvalet hadde elles ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 28.01.16:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 12.11.15 blir godkjent med ovannemnde endring.

SAK 02/16 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 28.01.16

1. Statusoversikt pr. januar 2016
2. Tertialrapport pr. 31.12.15 frå Rogaland Revisjon IKS
3. Oversikt over statlege tilsyn i 2016 – frå Fylkesmannen i Rogaland
4. Referat møte i Kommunesektorens etikkutvalg 23.11.15
5. Kommunal rapport 19.01.16 – skatteinntektene 2015 – landsbasis
6. Kommunal rapport 19.01.16 – skattetalene for den enkelte kommune
7. Haugaland Vekst IKS – protokoll frå representantskapsmøtet 11.12.15
8. Årshjul - kontrollutvalets oppgåver
9. Skatteoppkrevjaren i Suldal kommune - Årsrapport for 2015 (lagt fram i møtet)
10. Brev av 14.01.16 frå den norske delen av familierådet oppnemnde av barnevernstenesta i Suldal kommune (ettersendast)

Handsaming i kontrollutvalet 28.01.16:

Utvalssekretær gjekk gjennom sakene. Revisor svarte på kommentar vedkomande tertialrapport. Han orienterte samstundes frå eigarmøte i Rogaland Revisjon og prosessen med å innlemma Suldal kommune på eigarsida. Årsrapport frå skatteoppkrevjaren og skatterekneskapen for 2015 blei lagt fram i møtet.

Leiar orienterte om eit brev ho hadde motteke frå «den norske delen av familierådet oppnemnde av barnevernstenesta i Suldal kommune». Brevet vil bli sendt medlemmene til orientering i etterkant. Utvalet hadde ingen vesentlege merknader til dei andre referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 28.01.16:

Referatsakene 1 - 10 blir tatt til orientering.

SAK 03/16 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT PLAN- OG BYGGESAKER

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Suldal kontrollutval tek rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport om «Plan- og byggsaker» til orientering.

Melding om oppfølging vert sendt kommunestyret til orientering

Handsaming i kontrollutvalet 28.01.16:

Einingsleiar bygdeutvikling Endre Gjil tok sete. Han gjorde greie for notatet om oppfølging av rapporten. Han svara på spørsmål frå medlemmene om mellom anna tidsfristar, bruk av elektroniske søknader, og tilsyn. Gjil svara også på spørsmål om mellom anna interkommunalt samarbeid på dette området. Han meinte dette var ønskeleg, men hadde fram til no vore vanskeleg å få til. Utvalet slutta seg til innstillinga.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 28.01.16:

Suldal kontrollutval tek rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport om «Plan- og byggsaker» til orientering.

Melding om oppfølging vert sendt kommunestyret til orientering

SAK 04/16 OVERORDNA ANALYSE - NY PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON - OPPSTART AV PRIORITERINGSARBEIDET

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tar Rogaland Revisjon sin analyse og innspel frå rådmann til orientering. Utvalet kommer tilbake til saka når prosjekt skal prioriterast i neste møte.

Handsaming i kontrollutvalet 28.01.16:

Revisor Mæland presenterte analysen. Han gjorde greie for at analysen bygde på risiko- og vesentlegheitsvurderingar. Han gjorde greie for dokumentasjonsgrunnlaget for analysen og peika på at befolkningsframskriving var ein viktig faktor for all kommunal planlegging. Han gjorde greie for nøkkeltal innan mellom anna skule, pleie- og omsorg og barnevern. Revisor svara på spørsmål undervegs.

Utvalet drøfta det vidare arbeidet med analysen og prosessen med å lage ferdig plan.

Medlemmene slutta seg til Tormod Skeie sitt framlegg om å invitera politiske gruppeleiarar og rådmannen til eit eige drøftingsmøte i samanheng med neste møte i utvalet 25.02.16.

Rogaland Revisjon vil sende ut invitasjonar og nødvendig bakgrunnsmateriell.

Til møtet i april utarbeidar Rogaland Revisjon eit framlegg til plan, med mellom anna framlegg til prioriterte og ikkje-prioriterte prosjekt.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 28.01.16:

Suldal kontrollutval tek Rogaland Revisjon sin analyse og innspel frå rådmann til orientering.

Utvalet inviterer politiske gruppeleiarar, ordførar og rådmann til å komme med innspel til plan i neste møte 25.02.16.

Utvalet kommer tilbake til saka når prosjekt skal prioriterast.

SAK 05/16 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2015

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2015.

Innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunestyre tek årsmeldinga for 2015 frå kontrollutvalet til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 28.01.16:

Leiar orienterte kort om saka og ho gav uttrykk for at det var ein innhaldsrik og omfattande årsrapport. Utvalet slutta seg til innhaldet, slik det var framlagt.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 28.01.16:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2015.

Innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunestyre tek årsmeldinga for 2015 frå kontrollutvalet til orientering.

SAK 06/16 ENDRA MØTEPLAN FOR 2016

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet i Suldal vedtar å endra vedtatt møteplan for 2016 med følgjande endring:

Måndag 25.04.16, kl. 14.00 eller tysdag 26.04.16 kl. 10.00

Handsaming i kontrollutvalet 28.01.16:

Medlemmene drøfta framlegget til ny dato for møtet i april og vart samde om å flytte møtet til tysdag 26.04.16, kl. 10.00

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 28.01.16:

Kontrollutvalet i Suldal vedtar å endra vedtatt møteplan for 2016 med følgjande endring:

Tysdag 26.04.16, kl. 10.00 - (torsdag 28.04.16 utgår)

YMSE

Ingen saker blei meldt.

Neste møte: 25.02.16, kl. 10.00

Politiske gruppeleiarar, ordførar og rådmann blir invitert til møtet for å komme med innspel til ny plan for forvaltningsrevisjon.

Sand/Aksdal, 28.01.16

Vanja Ignjatic
Leiar



Odd Gunnar Høie
Kontrollutvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	25.02.16	09/16

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 25.02.16

- 11. Statusoversikt pr. februar 2016
- 12. Rapport frå NKRF-konferansen - munnleg
- 13. eINFO 16/1 – Talerett i kommunale organer
- 14. Kontrollrapport 2015 vedrørende skatteoppkrevarfunksjonen for Suldal kommune

Saksorientering:

Sakene blir lagde fram for kontrollutvalet til orientering.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Referatsakene 10 - 14 blir tatt til orientering.

Aksdal, 18.02.16

Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær



Kontrollutvalet i Suldal

Statusoversikt februar 2016

Saker frå bestilling til behandling i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Overordna analyse	23.09.15		Ferdig	28.01.16	
Selskapskontroller					

Saker under politisk behandling eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Behandla i KU	Behandla av/dato	Planlagt oppfølging	Merknader
Legetenesta i Suldal kommune	11.02.15	03.09.15	KST 03.11.15	September 2016	150 timar

Avslutta prosjekt

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Behandla i KU	Behandla av/dato	Følgd opp	Merknader
Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2015	25.04.12	14.11.12	KST 29.01.13		
Barnevernet i Suldal	14.11.12	23.05.13	KST 18.06.13	13.02.14	
Styring av byggeprosjekt	14.11.12/ 25.04.13	21.11.13	KST 04.02.14	11.02.15/KST 19.05.15	
Arbeidsgjevarrolla	21.11.13	19.06.14	KST 09.09.14	29.04.15/KST 19.05.15	
Plan- og byggesaker	19.06.14	11.02.15	KST 17.03.15	28.01.16	
Selskapskontroller					
Interkommunalt Arkiv	25.04.12	31.01.13	KST 19.03.13	21.11.13	
Plan for selskapskontroll 2012-2016		14.11.12	KST 29.01.13		
Andre saker					

Hovedprogram

Onsdag 3. februar 2016:

09.00 - 10.00: Registrering og kaffe + noe å bite i | Utstilling

Møteleder: Daglig leder **Ole Kristian Rogndokken**, Norges Kommunerevisorforbund (NKRF)

10.00: Velkommen

► Daglig leder **Ole Kristian Rogndokken**, Norges Kommunerevisorforbund (NKRF)

10.10: Åpning

► Kommunal- og moderniseringsminister **Jan Tore Sanner** (H)

10.30 - 11.30: Kontrollutvalget – viktig for tilliten til kommunal forvaltning

► Styreleder **Gunn Marit Helgesen** (H), KS

► Styreleder **Per Olav Nilsen**, NKRF

11.30: Lunsj | Utstilling

12.45: Flyktningsituasjonen - hvordan lykkes med integrering?

► Ordfører **Øivind Sand** (Ap), [Rælingen kommune](#)

► Leder **Narges Pourzia**, Flyktninge- og inkluderingsstjenesten, Rælingen kommune

» [Får alle flyktninger i arbeid](#) (DN)

13.30: Pause | Utstilling

13.50: Det vil alltid være risiko for korrupsjon i et tillitsbasert system

► Korrupsjonsforsker **Tina Søreide**, professor, Norges Handelshøyskole (NHH)

14.40: Pause | Utstilling

15.00: Kontrollutvalgets arbeidsmåte - praktisk erfaring

► Nestleder **Rune Olsø** (Ap), kontrollkomiteen, Trondheim kommune

15.50: Pause | Utstilling

16.10 - 17.00: Kommunesektorens utvikling: styring, demokrati og tillit

► Professor **Jon Helge Lesjø**, Høgskolen i Lillehammer (HiL)

19.30: Middag

Torsdag 4. februar 2016:

Møteleder: Komiteleder **Audun Haugan**, NKRFs kontrollutvalgskomite og rådgiver, K-sekretariatet IKS

09.00: Habilitetsbestemmelsene - sjelden rett fram

► Advokat **Jostein Selle**, KS Advokatene

10.00: Pause - utsjekking | Utstilling

10.30: Kommunelovutvalget – nesten ferdig

► Utvalgsmedlem **Nina Neset**, daglig leder, Romerike revisjon IKS

11.30: Lunsj | Utstilling

12.45: Samspillet mellom revisor og kontrollutvalget – hvordan oppnå de gode forvaltningsrevisjonene

► Seksjonsleder forvaltningsrevisjon **Anders Svarholt**, Østfold kommunerevisjon IKS og medlem av NKRFs forvaltningsrevisjonskomite

13.30: Pause | Utstilling

13.50: Åpenhet vs. taushet i kommunal forvaltning

► Leder **Siri Gedde-Dahl**, Presseforbundets offentlighetsutvalg og journalist i Kapital

14.45 - Kåseri - Eva Nordlund - Nationen

15.15 - Avslutning

eINFO 16/1 – Talerett i kommunale organer

Vedlagt sender vi til orientering kopi av svarbrev 13. januar 2016 fra Kommunaldepartementet til Jordvernforeningen i Telemark. Saken gjelder spørsmålet om organisasjoner/personer som er til stede under et møte i et kommunalt kontrollutvalg, har rett til å få ordet under møtet. I det aktuelle tilfellet var saken av spesiell interesse for den nevnte jordvernforeningen, og dokumenter fra foreningen var på forhånd sendt kontrollutvalget. Foreningen fikk ikke talerett under møtet, i motsetning til representanter for kommunens administrasjon, som fikk komme til orde.

I sitt svar viser departementet til uttalelser i juridisk litteratur, og siterer bl.a. følgende:

«Karakteristisk for et formelt møte er at det bare er forsamlingens medlemmer som har tale-, forslags- og stemmerett. Andre personer kan etter særskilt vedtak få ordet, men da må dette være klart utskilt fra det alminnelige ordskiftet».

For øvrig viser vi til vedlegget, hvor departementet gir en omfattende uttalelse om spørsmålet. Som det vil gå fram, gjelder departementets uttalelse bare møter i kontrollutvalget. Vi antar imidlertid at den rettsoppfatningen som departementet gir uttrykk for her, vil gjelde også for andre kommunale organer.

Oslo, 21. januar 2016

Bernt Frydenberg
Juridisk rådgiver

Vedlegg

Norges Kommunerevisorforbund
– på vakt for fellesskapets verdier

Postadresse:
Postboks 1417 Vika
0115 OSLO

Besøksadresse:
Munkedamsveien 3B, 3. etg.

Telefon: 23 23 97 00
E-post: post@nkrf.no
Web: www.nkrf.no

Org.nr.: 975 450 694
Kontonr.: 1450.12.70424



Skatteetaten

Saksbehandlar
Frode Kristiansen

Dykkar dato

Vår dato
15.02.2016

Telefon
97724008

Dykkar referanse

Vår referanse
2015/85890

Kommunestyret i Suldal kommune
Eidsvegen 7
4230 SAND

Haugaland
Kontrollutvalgsssekretariat IKS

Mottatt dato: 17.02.16
Journalført: 16/861 og
Arkivkode: 232

Kontrollrapport 2015 vedrørende skatteoppkreverfunksjonen for Suldal kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følger av "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. april 2014.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt overfor skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og plikter å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søker gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

2. Om skatteoppkrevjarkontoret

2.1 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen iht. skatteoppkrevjaren sine årsrapportar:

Tal årsverk 2015	Tal årsverk 2014	Tal årsverk 2013
1,3	1,3	1,3

Postadresse
Njøsvegen 2

6863 Leikanger
skatteetaten.no/sendepost

Besøksadresse
Sjå www.skatteetaten.no eller
ring gratis 800 80 000
Org. nr.: 991733108

Sentralbord
800 80 000
Telefaks
51 91 73 01



3. Måloppnåing

3.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Suldal kommune viser per 31. desember 2015 ein skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 532 777 285 og uteståande restansar² på kr 2 989 437, av dette krav stilla på vent kr 402 452. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 20. januar 2016.

3.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2015 for Suldal kommune.

Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (i %)	Resultatkrav (i %)	Innbetalt av sum krav (i %) førre år	Innbetalt av sum krav (i %) regionen
Restskatt personlege skattytarar 2013	12,7	99,0	96,5	99,2	95,8
Arbeidsgjevaravgift 2014	79,3	100,0	99,9	100,0	99,9
Forskotsskatt personlege skattytarar 2014	28,5	100,0	99,0	99,7	99,4
Forskotstrekk 2014	186,5	100,0	99,9	100,0	100,0
Forskotsskatt upersonlege skattytarar 2014	143,4	100,0	99,8	100,0	100,0
Restskatt upersonlege skattytarar 2013	5,2	100,0	99,0	97,8	99,2

3.3 Arbeidsgjevarkontroll

Skatteoppkrevjaren for Suldal kommune er tilslutta kontrollordninga Haugaland interkommunale arbeidsgiverkontroll.

Resultat for kommunen per 31. desember 2015 viser i følgje skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

Tal arbeidsgjevarar	Minstekrav tal kontrollar (5 %)	Tal utførte kontrollar i 2015	Utførte kontrollar 2015 (i %)	Utførte kontrollar 2014 (i %)	Utførte kontrollar 2013 (i %)	Utført kontroll 2015 region (i %)
208	10	12	5,8	5,2	7,9	4,0

4. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2015 gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda skatterekneskap og innkrevjing. Siste stadlege kontroll vart halden 28. mai 2015.

Skattekontoret har i 2015 i tillegg gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap og arbeidsgjevarkontroll.

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav



5. Resultat av utført kontroll

- **Intern kontroll**

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll i det alt vesentleg er i samsvar med gjeldande regelverk.

- **Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen**

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvisst uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

- **Skatte- og avgiftsinnkreving**

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av innkreivingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.


- **Arbeidsgjevarkontroll**

Basert på dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og vert utført i tilstrekkeleg omfang.

6. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom sine kontrollhandlingar for 2015 verken gjeve pålegg eller tilrådingar, jf. rapport 08.06.2015.

Venleg helsing



Arnljot von Mehren
avdelingsdirektør
Skatt vest



Jan Kåre Strøm
fagansvarleg

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Suldal kommune
- Skatteoppkrevjaren for Suldal kommune
- Riksrevisjonen